

# 2018



## **Innleiing**

Om Lom - visjon og verdigrunnlag.....	4
Ordføreren sine kommentarar .....	5
Status og vurdering frå adm.sjef.....	6

## **Styringssystem**

Mål og resultatstyring .....	8
Internkontroll.....	8
Årshjulet.....	9
Politisk organisering.....	9
Administrativ organisering .....	9
Nokre tal for 2018.....	10

## **Perspektiv**

Kommunen som arbeidsgjevar .....	12
Attendeblikk .....	15

## **Økonomisk oversyn**

Frie inntekter .....	23
Oppstilling av rekneskapen .....	25
Kraftrelaterte inntekter.....	26
Handlingsregelen .....	27
Finansrapport.....	31

## **Oversyn frå tenesteområda**

Støttefunksjonen .....	36
Servicetorg, informasjon, kultur .....	37
Barnehagane i Lom .....	40
Skulane i Lom .....	42
Pleie og omsorg .....	46
Miljø, teknisk, næring .....	50
Helse og velferd .....	52

## **Årsoppgjer 2018**

Driftsrekneskap.....	56
Rekneskapsskjema 1a & 1b.....	57
Balanse .....	58
Økonomisk oversikt.....	59
Rekneskapsskjema 2a & 2b.....	60
Anskaffelse og anvendelse av midler.....	62


## Vedlegg: Notar og revisjonsmelding

Note 01 - Endring i arbeidskaptial.....	64	Note 10 - Avsetning og bruk av fond .....	71
Note 02 - Årsverk/ytingar til leiarar/revisor..	64	Note 11 - Strykninger.....	72
Note 03 - Pensjon .....	63	Note 12 - Kapitalkonto.....	73
Note 04 - Anleggsmidlar.....	67	Note 13 - Investeringsprosjekt.....	74
Note 05 - Aksjar og andelar i varig eige.....	68	Note 14 - Sjølvkostområde.....	74
Note 06 - Sal av finansielle anleggsmiddel....	68	Note 15 - Spes. av vesentlige poster og(...)...	75
Note 07 - Langsiktig gjeld.....	69	Note 16 - Interkommunalt samarbeid (...).....	75
Note 08 - Avdrag på lån .....	70	Note 17 - Tap på krav .....	76
Note 09 - Kommunen sitt garantiansvar .....	70	Note 18 - Usikre forpliktelser, betingede(...) .	76

Årsmelding for Lom kommune  
Oppsett - Ola Ø Rossehaug

Lom kommune  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
61 21 73 00

post@lom.kommune.no  
lom.kommune.no  
facebook.com/lomkommune



# Lom

**Lom kommune** ligg i Ottadalen i Oppland fylke og grensar i nord til Skjåk og Lesja, i aust til Vågå, i sør til Vang, og i vest til Luster i Sogn og Fjordane. Kommunen har sine noverande grenser frå 1866, då Skjåk vart skilt ut som eigen kommune.

## Geografi

Mesteparten av arealet i Lom utgjer snaufjell og brear der over 90% av arealet ligg over 900 moh. Innan kommunen ligg meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark og begge dei to høgste fjelltoppane i Noreg, Galdhøpiggen på 2469 moh. og Glittertind, som er fast fjell på 2452 moh. med ein isbre på toppen.

Gjennom fjellområda i kommunen får to dalføre, Ottadalen og Bøverdalen. Desse to dalane møtest ved tettstaden Fossbergom. Folkesetnaden bur for det meste langsmed sørsida av Ottadalen. Andre busette område i kommunen er Lia, Garmo og Bøverdalen.


## Næringsliv

Den viktigaste enkeltnæringa i Lom er jord- og skogbruk. Grunna det tørre klimaet må bøndene bruke vatningsanlegg. Lom har den norske rekorden for minst nedbør i laupet av eitt år, 130 mm i 1911. Turisme er ei viktig næring takka vere plasseringa mellom fjellområde, med ei rekkje hotell og turistrytter både i Fossbergom og oppover i Bøverdalen. Fleire naturområde i Lom er verna, mellom anna delane av kommunen som ligg innan nasjonalparkane Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen, i tillegg til tre mindre naturreservat.

## Kultur

Lom har fleire minne frå eldre kultur, mellom anna Lom stavkyrkje. Garmo kyrkje vart rivi 1880 og atterreist på Maihaugen på Lillehammer som del av De Sandvigske samlinger. På Fossbergom Steinsenterer det samlingar av stein frå heile verda, særleg mange mineral frå Jotunheimen. Norsk fjellmuseum opna i 1994. Lom bygdemuseum er ein del av det konsoliderte Museet i Nord-Gudbrandsdalen og har fleire bygningar, me.a. Tor-Jonsson stugu, der dikteren voks opp. Ein minnestein er reist ved Hamsunstugu på Garmo, som er fødestanden til Knut Hamsun. Annakvart år vert litteraturfestivalen Diktardagar arrangert.

*kjelde: wikipedia.no*



## Visjon og verdigrunnlag

### Visjon: Lom – gjestfritt og nyskapande

Gjestfridomen skal omfatte alle:

- Dei som allereie er fast busette
- Dei som ønskjer å busetja seg i Lom
- Tilreisande, turistar
- Slagordet "Kom til Lom" er med og synleggjer visjonen.

### Verdigrunnlag

Lom skal vera eit lokalsamfunn basert på desse grunnverdiane:

- Gjestfri
- Open
- Inkluderande
- Respektfull
- Nyskapande
- Trivsel
- Lokal kultur og historie
- Natur

I den kommunale verksemda skal alle tilsette leggje vekt på å vera:

- Offensive
- Løysingsorienterte
- Inkluderande

# Ordføreren kommenterer

Vi har på nytt lagt bak oss eit aktivt, men samstundes krevjande år. Kommune-Norge er i stadig utvikling og det er viktig å henge med slik at vi kan levere gode og trygge tenester til alle innbyggerane. For å klare dette er vi svært avhengig av å ta i bruk gode digitale hjelpemiddel, noko som set store krav til den digitale infrastrukturen. Lom kommune har også dette året jobba aktivt saman med dei fem andre kommunane i regionen for at fylkeskommunale og statlege myndigheiter skal bidra med utbygging av eit sikkert digitalt kommunikasjonsnett til alle innbyggerane. Sjølv om vi kan meine at dette fullt og heilt burde vore eit statleg ansvar har kommunen bidrege med betydelege midlar for å få fortgang i utbygginga. Vi håpar difor at når neste årsmelding går i trykken skal vi langt på veg ha fått sikra god nettdekning til store delar av kommunen.

Trafikktryggleik har fått stor merksemd dette siste året. Ei etterlengta oppgradering av Brubakken med tydeleg skille mellom mjuke og harde trafikantar er på det næraste ferdig. Vi har sett i gang utskifting og komplettering av gateljosanlegga i heile kommunen. Ved å skifte ut til moderne energisparande armaturar har vi både fått betre belysning, sparer energi og vedlikehaldsutgifter. Gang og sykkelveg frå Prestgardskrysset opp til Andvord har Statens Vegvesen og Fylkeskommunen teke ansvaret for, dette er nå gjennomført, noko vi er svært godt nøgde med. Lom kommune vart i 2018 godkjent av Trygg Trafikk og Fylkeskommunen som trafikksikker kommunen.

Når vi nå sit med denne årsmeldinga og årsrekneskapen, så gjev den oss eit bilde på kor komplekst det er å drive ein kommune. Dette dokumentet saman med årsbudsjettet er dei viktigaste styringsverktøya for både administrasjon og politikarane. Eit stadig lågare innbyggartal gjev oss store utfordringar med mindre overføringar frå staten og tilpassing av tenestenivået. Dette er ein trend som vi har sett over fleire tiår, men som i det siste har akselerert noko. Det er meir enn nokon gong svært viktig at vi alle saman gjer det vi kan for å bidra til å snu denne utviklinga. Det er ingen enkel oppgåve, men vi kan alle bidra til god omdømmebygging ved framsnakking av både bukvalitetar og gode kommunale tenester.



På tross av ein stadig strammare kommuneøkonomi leverer alle våre tenestemråder gode tenester innanfor sine økonomiske rammer. Det er difor på sin plass og takke alle dyktige tilsette, leiarane og administrasjonssjefen for sin innsats. I tillegg vil eg takke alle politikarane for samarbeidet i året som har gått.

Eg vil og takke varaordførar spesielt som stilte opp og tok oppgåva som ordførar på strak arm i mitt fråvær grunna beinbrot våren 2018.

# Status og vurdering

**Lom kommune leverer eit tilfredsstillande netto driftsresultat for 2018. Resultatet er betre enn førre år, og er godt samanlikna med samanliknbare kommunar i nærområdet. Når ein samstundes veit at kommunen har fått reduksjon i inntekter som følgje av lågare innbyggjartal, reduksjon i integreringstilskot og sjølvpålagt reduksjon i eigedomsskatt må ein kunne si at netto driftsresultat er godt. Omstilling av drift og reduksjon i tenester er blant forklaringane til dette. Ein må likevel gå nærare inn i tala for å finne forklaringa. Dette er gjort nærare rede for i årsmeldinga.**

Generelt viser driftsresultata i norske kommunar bra resultat i 2018. Eit snitt i netto driftsresultat på landsbasis med 2,4 er tilfredsstillande. Vesentlege årsaker til dette er enda eit år med god nasjonal skatteinngang og utbetalingar frå havbruksfondet (2,7 mrd kroner på landsbasis). Det siste kjem ikkje innlandskommunar som Lom til gode og fører til til ei «konkurranssevriding» for kommunane i Norge.

Det er likevel grunn til å vera uroa over den økonomiske driftssituasjonen og handlingsrommet i

kommunen. Det er fleire vesentlege årsaker til dette. Høg lånegjeld gjer oss sårbare i høve renteoppgang. Handlefridom til å handtere uforutsette utgifter er avgrensa. Handlingsrommet for inntektsauke over drift er avgrensa som følgje av eigne vedtak, regelverk knytt til brukarbetalingar i form av sjølvkost og avgrensingar knytt til forskrifter og makssatsar. Vurdert opp i mot underliggjande forutsetningar som uventa stor reduksjon i innbyggjartal, endring i innbyggjarsamansettinga og reduksjon/bortfall av busetting av flyktingar reduserer inntektene til kommunen både gjennom inntektssystem og kompensasjonsordningar. Samstundes er kommunen pålagt å halde tenestetilbodet på forutsett nivå (jfr t.d bemanningsnormer). Dette tvingar fram reduksjon av antal tilsette. Som kjent ligg dette og til grunn i gjeldande økonomiplan. At ein organisasjon over tid må redusere talet på tilsette, og at dette ser ut til å gjelde over tid, vil naturleg nok gjera noko med arbeidsfellesskapet. Der ein elles kan ha fokus på nye oppgåver, arbeid med fag og tenester i eit strategisk perspektiv opplever ein nå usikkerheit omkring bemanning og kapasitet i høve oppgåveløysingar. Forståing for dette og evne og vilje til å prioritere,



# frå administrasjonssjef

senke krav og å normalisere denne utviklinga vil stå fram som ei utfordring for Lom kommune. Denne forståinga er og viktig når kommunen vurderer både inntektsmoglegheiter og kutt i tenester.

Det er grunn til å vera uroa over negativ utvikling i sjukefråver i 2018. Innan enkelte område er dette urovekkande høgt og må følgjast nøye med tanke på iverksetting av tiltak. Negativ utvikling i langtidsfråver var kommentert i som ei gryande utfordring i årsmelding for 2017, noko som har vist seg å slå til i og med at dette er negativt forsterka i 2018.

Det er gjennomført brei leiarutvikling i 2018 der mange leiarar deltok. Alle deltakarane gjennomførte og bestod eksamen i 2019. Resultat frå dette er å vente over tid.

Budsjett disiplinen i 2018 har vore god. Når det gjeld drift så er det ikkje vesentlege avvik utanom om dei endringane som kommunen har vore nødt til å ta, m.a. som følge av uforutsette hendingar.

Tilsette i kommunen gjer ein god jobb ved å levere gode tenester og effektiv drift i eit utfordrande driftsår. Tenesteomfang og innhald har vorte levert med færre medarbeidarar i 2018. At kommunen har gode resultat og har effektiv drift på fleire område går fram i resultatframstillingar som t.d. brukarundersøkjingar, kommunebarometeret, kommunebildet frå Fylkesmannen og teknisk beregningsutval. M.a. er Lom kommune nr 10 på førebels Kommunebarometer for 2018, noko som må seiast å vera ein framifrå prestasjon relatert til andre utviklingstrekk. Det blir utfordrande å halde dette nivået med redusert ressurstilgang, og vi må ta inn over oss at kvalitet og dekningsgrad kan gå ned på fleire område som følgje av krav til økonomisk drift.

Eg vil i særdelesheit rette ein stor og fortent takk til alle tilsette i kommunen som har gjort og gjer ein framifrå innsats.



## Mål og resultatstyring

Lom kommune har omfattande delegering av mynde. Vi lever i eit samfunn med raske endringar, og gjennom denne delegeringa blir det ein fleksibel organisasjon og avgjerder blir tekne der kompetanse ligg. Gjennom dette oppnår ein meir attraktive arbeidsplassar, ved at den enkelte får nytta sin kompetanse.

For styring og koordinering er det i fleire år blitt nytta balansert målstyring. Det blir vedteke mål for kvart tenesteområde som ein del av kommunen sitt budsjettvedtak. Økonomisk er det rapportert til kommunestyret kvart tertial, der årsrapporten fungerer som rapport for 3. tertial. Det er systematiske målingar av brukar og medarbeidarperspektivet

gjennom spørjeundersøkingar, der tenestekvalitet og medarbeidartilfredshet blir målt. Det er teke i bruk ny medarbeidarundersøking, slik at resultat frå denne kjem ikkje med i årsmeldinga for 2015.

Kommunen nyttar elles Kommunebarometeret i styring av verksemda.

### Lom kommune

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2015	Resultat 2016	Resultat 2017	Resultat 2018
Økonomi	Økonomi- styring og drift	Brutto driftsresultat	-7,8%	0,3%	-1,9%	-0,4%
		Netto driftsresultat	-2,5%	5,1%	1,1%	2,6%
		Justert netto driftsresultat	-0,3%	4,7%	1,9%	2,1%
Finansiell styring	Eigekapitalprosent	Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	29,3%	27,6%	28,7%	30,5%
		Likviditets- styring	Lividitetsgrad 1	3,2	2,6	2,7
Målt kvalitet	Arbeidskapital i % av driftsinntekter	Sjukefråvær korttid	4,8%	3,8%	1,8%	1,5%
		Sjukefråvær langtid	4,1%	3,7%	5,6%	7,6%

## Internkontroll

**Arbeidsmiljølova legg føringar for helse, miljø og tryggleiksarbeidet ved at den i § 3-1, p. 1 seier:**

**«For å sikre at arbeidstakers helse, miljø, og sikkerhet blir i varetatt, skal arbeidsgiver sørge for at det utføres systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid på alle plan i virksomheten. Dette skal gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres tillitsvalgte».**

Aml. § 4 utløyser plikt til internkontroll: «den som er ansvarleg for virksomheten skal sørge for at det innføres og utøves internkontroll i virksomheten og at dette gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres representantar. Arbeidstakerne skal medvirke ved innføring og utøvelse av internkontroll.»

Skriftleg dokumentasjon på internkontrollen skal minst omfatte § 5 punkt 4 – 8 i internkontrollforskrifta.

Internkontrollen er heimla i Kommuneloven. Administrasjonssjefen

skal syte for at kommunen blir drive i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at det er god kontroll innan økonomi- og personalforvaltning, innkjøp, IKT-styring og informasjonstryggleik, saksbehandling og tenesteproduksjon.

Internkontroll handlar om systematisk arbeid og dokumentasjon av eigen praksis, forbedring av arbeidsmetoder og samhandling for å sikre måloppnåing, og for å unngå lovbrøt og andre uønska hendingar. Med internkontroll meiner ein kvalitetssikring av prosessar, system og rutinar som blir utforma og gjennomført. Ein nyttar elektronisk kvalitetssystem frå Kommuneforlaget (KF), gjennom KF-infoserie, KF- kvalitetsstyring og KF- Betre.kommune. Fokus i 2014 har vore avvikssystem og risikoanalyser. Det er framleis dokumentasjon, som skal inn i det elektroniske kvalitetssystemet. Arbeidet vil fortsetje for å få eit heilskapleg kvalitetssystem, som i varetek kravet til internkontroll innan ramma av § 23 i kommunelova.

### Kommunelova § 23, 2. ledd

Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksar, og at den er gjenstand for betryggende kontroll

### Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter §3

Internkontroll: Systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

# Årshjulet

Februar (15/2)

Rapportering til KOSTRA (1. gong)

Desember

Vedtak i kommunestyret  
budsjett og økonomiplan

Februar (15/2)


Avslutta årsrekneskap til  
revisjonen

Oktober:  
EIGARSKAPSMELDING

sept: DIALOGMØTE  
Miljø, teknisk, næring

September

Budsjettforslag frå tenesteområda



feb.: DIALOGMØTE  
Barnehage, skule, kultur

Mars (15.03)

Ferdig årsmelding

April

Rekneskap og årsmelding  
til politisk behandling

April

Gjennomførte vernerunder og  
medarbeidersamtaler

april: DIALOGMØTE

Helse og omsorg

## Politisk organisering

### Kommunestyret 2015 - 2019



Bjarne Eiolf Holø  
Svanhild Lyngved  
Silje Stee Vole  
Arnstein Rusten  
Rolv Enersvold  
Hjørdis Sletten  
Odd Arne Kroken  
Marit Sletten



Anne-Lise Marstein  
Harald Onsum-Berg  
Kari Ramen  
Norvald Hellekveen



Jarmund Øyen  
Kristian Frisvold  
Dagfinn Kvålshagen



Eilev Hellekveen  
Synne Skogsrud Bjørgen

### Formannskapet

Bjarne Eiolf Holø (ordfører) Anne Lise Marstein (varaordfører), Marit Sletten, Eilev Hellekveen, Kristian Frisvold.

### Andre politiske råd og utval

Administrasjonsutval

Brukarråd

Eldrerådet

Kommunalt råd for funksjonshemma

Landsbyrådet

Overtakstnemnd

Takstutval

Ungdomsrådet

Vilt og innlandsfiskeremnd

Valnemnd

Valstyret

Kontrollutvalet

### Administrativ organisering

Lom kommune er organisert i ein to-nivå-modell med Ola Helstad som administrativ leiar. Administrasjonen er inndelt i desse tenesteområda med kvar sin leiar:

- **Støttefunksjonen**, leiar Egil Haug
- **Loar skule**, rektor Anita Hølmo Nestvold
- **Lom ungdomsskule**, rektor Lisa Kronhaug
- **Loar barnehage**, leiar Ragnhild Vestad
- **Miljø, teknisk, næring**, Ola Helstad konst. leiar
- **Helse og velferd**, kommunalsjef Bjørn Bakke
- **Pleie og omsorg**, pleie- og omsorgssjef Oda Evy Øyen
- **Serviceorg, informasjon, kultur**, Ola Helstad konst. leiar, Trond Byre-Haakensen leiar serviceorg frå des. -17

Forventa folketalsutvikling

 **2243**  
innbyggjarar i Lom pr. 2030

Forventa folketalsutvikling

 **2239**  
innbyggjarar i Lom pr. 2040

Forventa levealder i fylket

 **82,9** år  
Kvinner

Utgifter pr. døgn i institusjon  
i kroner


 **3399**

Mottakarar av  
heimetenester 67-79 år:

 **90,9**  
pers. pr. 1000 innbyggjarar

...nokre tal for  
**2018**  
Lom kommune  
kjelde: [ssb.no](http://ssb.no)

### Aldersfordeling i Lom (pr. 1. januar 2019)



Fødde:

 **16**  
pers. pr. 4. kvartal 2018

Dødd:

 **31**  
pers. pr. 4. kvartal 2018

Folkevektst:

 **-11**  
pers. pr. 4. kvartal 2018

Lom si befolkning

 **2293**  
pers. pr. 4. kvartal 2018

Forventa levealder i fylket

 **79,3** år  
Menn


Andel barn med barnehageplass

 **93,2%**

Fastlegeårsverk

 **17,4**  
pr. 10 000 innbyggjarar

## Kva arbeider vi med i Lom?



-  Jordbruk, skogbruk og fiske
-  Sekundærnæringar
-  Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstj., forretningsmessige tj., eigendom
-  Off.adm., forsvar, sosialforsikring
-  Undervisning
-  Helse- og sosialtenester
-  Personleg tenesteyting

...nokre tal for  
**2018**  
Lom kommune  
kjelde: ssb.no

Netto utgifter til kultursektoren

 **4035**

pr. innbyggjar

Gjennomsnitt pr. brukar  
av praktisk bistand i timar

 **8,1**  
timar i veka

Personar med  
innvandrarakgrunn:

 **81**

pers. pr. 4. kvartal 2018

Personar pr.  
privathushaldning:

 **2,2**

pers. pr. 4. kvartal 2018

Innbyggjarar pr.  
km<sup>2</sup> landareal:

 **1**


pers. pr. 4. kvartal 2010

Nettoflytting:

 **-13**

pers. pr. 4. kvartal 2018

# Kommunen som arbeidsgjevar



# Lom

## Arbeidsgjevarstrategien i Lom

Lom kommune har ein arbeidsgjevarstrategi frå 2012. Arbeidsgjevarstrategien er inndelt i to overordna satsingsområde :

### Omdømme og rekruttering

### Omdømme og nærvær

Under desse to finn vi desse satsingsområda:

- rekruttere og behalde
- kompetanse
- løn
- livsfase
- likestilling og mangfald
- nærvær og fråvær
- leiing
- medbestemmelse

Strategien er eit overordna styringsdokument som skal sjåast saman med sentrale avtaler mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar, og lokale styringsdokument som kommuneplanen Lom 2020 og budsjettokument. Arbeidsgjevarstrategien ser fram mot 2020.

### Mål for arbeidsgjevarstrategien;

- Lom kommune skal kontinuerleg forbetre kvalitet og effektivitet, og utvikle nye løysingar saman med brukarar, innbyggjarar og samarbeidspartar.
- Løn kommune skal ha leiarar som utfordrar, stiller krav og støttar.
- Lom kommune skal ha ein høg etisk standard, dei tilsette skal ta ansvar for eigne handlingar i samsvar med dei etiske retningslinene.
- Lom kommune skal ha evne til å rekruttere, behalde, og utvikle medarbeidarar, og ha god konkurransevne i arbeidsmarknaden.
- Lom kommune ynskjer til kvar tid å representere mangfaldet i samfunnet.
- Tilsette og arbeidsgjevar arbeider kontinuerleg for eit godt omdømme.

### Sjukefråvær totalt Lom kommune

	1-16 dagar	17-40 dagar	<41 dagar	TOTALT
2014	3,1	3,8	1	7,9
2015	2,6	3,7	0,7	7,0
2016	1,9	1,9	3,7	7,5
2017	1,8	1,0	4,6	7,3
2018	1,5	1,8	5,8	9,1

## Arbeidsmiljø og HMT

Lom kommune vart i 2003 IA-kommune, og har partsamansett skrive under avtale ut 2018. Som IA-kommune skal Lom kommune aktivt arbeide for å betre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærvær og hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet.

Verksemder med minst 50 tilsette har plikt til å ha eit arbeidsmiljøutval (AMU). AMU skal arbeide for eit fult forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet skal delta i planlegging av verne- og miljøarbeidet i verksemda, og fylje nøye med på utvikling av arbeidsmiljøet. Lom kommune sitt AMU har 2 representantar frå arbeidstakarane og 2 representantar frå arbeidsgjevar. Dei 4 faste medlemmane er hovudverneombodet, NSF som representant for dei tilsette, administrasjonssjefen og ein politiskar. Lom kommune har Frisk HMS som bedrifthelseteneste, og dei er innkalla til alle møta. Leiaransvaret i AMU 2018 har vore arbeidstakarsida sitt. Det har vore gjennomført 4 møter i 2018, og eit av tema som var oppe på kvart møte var gjennomgang av sjukefråværet. AMU har teke saka til orientering. Andre saker som har vore anten til behandling eller orientering i AMU er avvik HMS, resultat etter vernerundane med handlingsplaner og prioritering, rutinar for varsling og yringsfridom, verneområder, rutinar for sjukefråværsoppfølging, orientering om budsjett for 2019, orientering om gjennomgang av administrativ organisering, og årsrapport for 2017.

Tiltaksplanen i arbeidsgjevarstrategien seier at kommunen skal arbeide med god oppfyljing av dei tilsette gjennom trivsel og helsefremjande tiltak, aktiv bruk av livsfasepolitikken, arbeide med IA-avtalen, arbeide for kommunikativt og nært leiarskap, og ha eit elektronisk HMT/kvalitetssystem som gjev god flyt og sikrar gode rutinar. Det er eit felles kvalitetssystem for heile kommunen. Det er i Lom kommune fleire strategiske planar som syner kommunen sitt arbeid med identitet og omdømme. I Lom 2020 og Arbeidsgjevarstrategien er omdømmeperspektivet lagt til grunn, og Lom kommune har som visjon å vere gjestfritt og nyskapande, med atferdskrav som løysingsorientert, offensiv og inkluderande. Det blir kvart år gjennomført medarbeidar- og brukarundersøkingar.

Modulane i kvalitetssystemet har fornya seg. Vi arbeider stadig med forbetringar. Avvikssystemet er eit leiarverktøy, der vi fører statistikk og kan gjera tiltak ut frå dei avvik som er meldt. Ved å følgje opp avvika er målet å førebygge at tilsvarende avvik skjer på nytt. Gjennom aktivt avviksarbeid gjer ein mykje kvalitetsforbetrande arbeid. Avvikssystemet er no innarbeidd, men vi ser likevel ulik vektlegging av det. Avvikssystemet bør nyttast som eit innspel i utvikling og kompetansebygging i organisasjonen, der ein går i gjennom avvika og har refleksjonsrundar for om mogleg legge opp ny og betra praksis.

Vi planlegg same arbeid på internkontrollen for 2019 med fokus på avvikssystemet, stoffkartoteket, risikoanalyser og vidare arbeid med prosedyrar.

Sjukefråvær 2018 i %	antal	1-16 dagar	17-40 dagar	41+ dagar	Totalt
Rådgevar oppvekst	8	0,1	0	3,8	3,9
Støttefunksjonen	18	1,1	0,4	5,3	6,8
Service, kultur og informasjon	13	0,1	0	2,2	2,3
Rektor loar skule	42	2	2,1	7,1	11,2
Rektor lom ungdomsskule	29	1,5	2,7	0,9	5,1
Barnehage	39	1,5	0,6	11	13,1
Tenesteleiar MTN	33	1,9	2,9	4,8	9,7
Utgard	4	3,5	11,1	3,8	18,3
Bibliotekleiar	3	1,3	3,8	11,6	16,7
Helse og velferd	30	0,2	0,9	11	12,1
Pleie og omsorg	133	1,7	1,6	4,4	7,7
TOTAL	352	1,5	1,8	5,8	9,1

## Rekruttering og kompetanseutvikling

Kompetanse er summen av dei kunnskapar, ferdigheiter, evner og haldningar som må nyttast for å utføre dei kommunale oppgåvene som Lom kommune til ei kvar tid utfører, og for å oppnå dei mål som er sette for tenesteytinga. Kompetanseplanen er ein overordna plan som syner korleis Lom kommune ynskjer å arbeide med kompetanseutvikling for å nå måla sine i framtida. Kompetanseplanen skal sikre ei målretta kompetanseutvikling av Lom kommune sine tilsette og ei målretta rekruttering av ny arbeidskraft.

Kompetansebehovet skal definerast ut frå kva som er nødvendig for å nå overordna mål og krav til tilsette på kort og lang sikt. Lom kommune har som mål til ei kvar tid å ha arbeidstakarar med den kompetansen som er nødvendig for å løyse kommunen sine oppgaver på ein effektiv og rasjonell måte ved å:

- ta vare på og utvikle medarbeideren sin kompetanse
- ta vare på den nyttilsette medarbeideren
- fokusere på rekruttering og positiv profilering

Lom kommune skal være ein lærande organisasjon som skapar gode føresetnader for medarbeideren si læring. Vi har fokus på både interne og eksterne læringsarenaer.

I 2018 gjennomførte fleire leiarar, rådgevarar og ein tillitsvald leiarutviklingsprogramet Ledelse av prosesser (LAP 1), og innan skule og barnehage har fleire teke vidareutdanning i ulike fag.

## Identitet og omdømme

Det er i Lom kommune fleire strategiske planar som syner kommunen sitt arbeid med identitet og omdømme. I Lom 2020 og Arbeidsgjevarstrategien er omdømeoperspektivet lagt til grunn, og Lom kommune har som visjon å vere gjestfritt og nyskapande, med atferdskrav som løysingsorientert, offensiv og inkluderande.

## Lønspolitikk

Lom kommune har ein lønspolitiskplan som skal vere basert på mål, motiverande, kompetanse- og karrierutviklande, synleg og basert på dialog, marknadsorientert og pådrivande for likeløn. Planen er tema på dialogmøter med dei tillitsvalde, og aktivt brukt ved rekruttering og lokale lønsforhandlingar.

Lønspolitikken i Lom kommune skal medverke til å oppfylle kommunen og den enkelte driftseining sine målsetjingar. Den skal tene til å fremje kvalitet, service og effektivitet i tenesteproduksjonen, og skal vere ein dynamisk og motiverande del av politikken til arbeidsgjevar. Lønspolitikken skal sikre at lønsfastsetjing er relatert til den funksjonen medarbeideren er i, vedkommande si kompetanse og måten arbeidet er utført på. Lønsfastsetjing skal vere synleg, gjennom kjende og bindande kriterium basert på dialog mellom leiar, tillitsvald og medarbeidar. Så langt som mogleg skal lønspolitikken sikre at kommunale funksjonar har eit lønsnivå som er konkurransedyktig på den regionale arbeidsmarknaden, og den skal medverke til lik løn for arbeid av same kvalitet, innsats og resultat, og med lik moglegheit for lønsutvikling uavhengig av kjønn. Planen vart gått gjennom i 2014 utan at det vart gjort endringar.

## Livsfasepolitikk

**Som arbeidsgjevar ynskjer Lom kommune å leggje til rette for at tilsette skal trivast og yte sitt beste på arbeidsplassen sin.**

Alle går gjennom ulike fasar i livet, og kvar livsfase har ulike behov, krav, utfordringar og moglegheiter. Lom

### Senioravtaler i Lom kommune

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
7	17	14	10	12	14	8	9	6

kommune ynskjer å ta høgde for at det som skjer undervegs i yrkeskarrieren påverkar produktivitet og kor lenge ein ynskjer å vera yrkesaktive.

Det er teke omsyn til dei ulike fasane i livet i kommunen sin livsfasepolitikk. Livsfasepolitikken vart vedteke i ADMU i desember 2015.

## Heiltidskultur, likestilling og mangfald

### Lom kommune arbeidar aktivt med å redusere bruken av deltidsstillingar og for å auke stillingsstorleiken for tilsette i deltid.

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere. Det har sidan Lom kommune vedtok sin Arbeidsgjevarstrategi vorte utarbeidd ein strategisk kompetanseplan som skal vere med på å oppretthalde og auke kvaliteten på våre tenester.

Det er fleire kvinner enn menn i Lom kommune, men menn har både høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik og løn. Blant dei tilsette med faste deltidsstillingar er det flest kvinner, og dei høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn menn.

### Tilsette i faste stillingar

Det er fleire vikarar inne i arbeid kvart år som ikkje har fast arbeidsforhold i kommunen. Det er flest kvinner, og desse har lågare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn menn.

### Vikarar utan fast tilsetjing

Det var fleire tilsette som fekk høgda si faste stilling, og fleire som fekk fast stilling i 2017 etter lengre periodar som vikarar.

Som ein del av Arbeidsgjevarstrategien skal Lom kommune utarbeide ein likestillings- og mangfaldspolitik. I tillegg skal det arbeidast med lokale retningslinjer for heiltidskultur. Dette arbeidet skal gjerast saman med dei tillitsvalde.

Årsverk totalt 2018	Totalt	Menn	Kvinner
Stab	3,7	1,9	1,8
Støttefunksjon	10,1	2	8,1
Service, informasjon, kultur	6,9	4,5	2,4
Loar barnehage	29,3	4,3	25
Loar skule og Lom musikk- og kulturskule	23,8	6,9	16,8
Lom ungdomsskule	30,8	3	27,3
MTN	21,6	12,9	8,7
Utgard	3,4	1	2,4
Bibliotek	2,1	0,3	1,8
Helse og velferd	15,5	1,9	13,6
Pleie og omsorg	82	2,4	79,6

Fast tilsette i full stilling	Menn	Kvinner
Antal	30	99
Kjønn	23 %	77 %
Gjennomsnittleg alder	52	46,3

Deltidstilsette i fast stilling	Menn	Kvinner
Antal	16	115
Kjønn	12 %	88 %
Gj.snittleg stillingsstorleik fast	55,04 %	65,25 %
Gj.snittleg stillingsstorleik aktiv	54,17 %	65,44 %

### Totalt tilsette menn



Gjennomssnittleg stillingsstorleik: 84,86 %  
Gjennomsnittleg årsløn: 459.757 kr  
Gjennomsnittleg alder: 50,6 år

**17%**  
av alle tilsette

### Totalt tilsette kvinner



Gjennomssnittleg stillingsstorleik: 76,20 %  
Gjennomsnittleg årsløn: 453.342 kr  
Gjennomsnittleg alder: 46 år

**83%**  
av alle tilsette

### Vikarar utan fast tilsetjing

	Menn	Kvinner
Tal på vikarar	8	50
Gjennomsnittleg stillingsstorleik	59 %	42 %
Gjennomsnittleg alder	45,8	40

## Tillitsvalde

**Endringar og aukande forventningar til tenester, arbeidstakarar og arbeidsgjevar krev eit godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet. Partane har ein rett og plikt til å gjere sitt beste for å skape eit godt samarbeid i kommunen.**

Dei tillitsvalde er representantar for dei tilsette ovanfor arbeidsgjevar. I Lom kommune er det 12 organisasjonar som er

representerte, og desse har til saman 71% frikjøpte ressursar til organisasjonsarbeidet. Både pliktar og rettigheitar til partane, og frikjøpessursar er regulert i Hovudavtala.

Organisasjonane og arbeidsgjevar har dialogmøte kvar månad, og dei tillitsvalde ha representantar i TU, AMU og ADMU. I tillegg er dei med i prosjekt og prosessar i regi av arbeidsgjevar.

# Kulturpris- og kulturstipend 2018



## Lars Bakke

*Lars Bakke mottok kulturprisen for Lom kommune 2018 for si årelange formidling av lokal kultur i musikalsk drakt*

## Ingrid og Rønnaug Sandviken

*Ingrid Sandviken og Rønnaug sandviken mottok kulturstipendet for Lom kommune 2018 for sitt store talent og prestasjoner innan fotball*

## Lom musikk- og kulturskule = Lom og Skjåk musikkskule

Lom musikk- og kulturskule vart i 2018 eit avslutta kapittel, og gjekk over i det kommunale samarbeidet Lom og Skjåk musikkskule.

På biletet til høgre ser du administrasjonssjef Ola Helstad flankert av den siste og den fyrste rektoren for Lom musikk- og kulturskule: Kristbjørn Rossehaug og Lars Svaneborg.



# #lomsfest

Lomsfest gjekk av stabelen for andre gong 18. – 21. oktober 2017. I fire dagar var Lom sentrum fylt av aktivitetar og underhaldning, og tilslutninga frå både arrangørar og publikum var over all forventning!










# FLAUMEN







# Økonomisk oversyn

## Frie inntekter

### Generelt

Overføringane frå Staten gjennom rametilskot og skatteinntekt utgjer dei frie inntektene. Dei frie inntektene omfattar og eigedomsskatt, inntekt frå sal av konsesjonskraft og utbytte. Kommunen har og tilskot frå busetting av flyktningar. Den nominelle veksten i dei frie inntektene frå 2017 til 2018 vart 1,5 %, kr 2 227 000. Konsumprisindeksen viser ei

prisauke i 2018 på 3,5 %. Rekneskapstala for løn og sosiale utgifter viser 0,94 % auke, kr. 1 504 000. Dette er etter gjennomførte tiltak i budsjettet for 2018.

### Skatt

Lom kommune er ei minsteinntektskommune. Ca 90 % av differansen mellom eige skatteinngang og gjennomsnittet for landet, blir overført


frå dei skattesterke kommunane til dei skattetsvake gjennom inntektsutjamning. Lom kommune fekk ei inntektsutjamning i 2018 på kr. 13 334 000, som er omtrent på budsjett. Skatteinntektane vart på kr 53 770 000. Av skatt på inntekt og formue (inkludert naturressursskatt) fekk kommunen ei mindreinntekt på kr 234 000.

### Skatteinngang i Lom:

	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
<b>2017</b>	<b>6 384 243</b>	<b>1 113 749</b>	<b>8 082 723</b>	<b>1 147 228</b>	<b>8 788 461</b>	<b>533 056</b>
<b>2018</b>	<b>6 277 626</b>	<b>1 183 115</b>	<b>8 101 774</b>	<b>1 146 126</b>	<b>9 452 776</b>	<b>177 137</b>
Endring i kr	-106 617	69 366	19 051	-1 102	664 315	-355 919
Endring i %	-1,67 %	6,23 %	0,24 %	-0,10 %	7,56 %	-66,77 %
Akkumulert 2017	6 384 243	7 497 992	15 580 716	16 727 944	25 516 405	26 049 461
Akkumulert 2018	6 277 626	7 460 741	15 562 515	16 708 641	26 161 417	26 338 554
Endring hittil %	-1,67 %	-0,50 %	-0,12 %	-0,12 %	2,53 %	1,11 %


	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
<b>2017</b>	<b>5 801 136</b>	<b>761 428</b>	<b>9 583 778</b>	<b>250 434</b>	<b>9 923 715</b>	<b>347 457</b>
<b>2018</b>	<b>6 082 587</b>	<b>160 510</b>	<b>9 744 110</b>	<b>-66 391</b>	<b>11 247 057</b>	<b>205 955</b>
Endring i kr	281 451	-600 918	160 332	-316 825	1 323 342	-141 502
Endring i %	4,85 %	-78,92 %	1,67 %	-126,51 %	13,34 %	-40,73 %
Akkumulert 2017	31 850 597	32 612 025	42 195 803	42 446 237	52 369 952	52 717 409
Akkumulert 2018	32 421 141	32 581 651	42 325 761	42 259 370	53 506 427	53 712 382
Endring hittil %	1,79 %	-0,09 %	0,31 %	-0,44 %	2,17 %	1,89 %



# Rammetilskot og andre inntekter

Rekneskapen syner at kommunen har fått eit samla rammetilskot på kr 76 940 000 i 2018, som er omtrent kr. på budsjett. Inntektsutjamning og skjønntilskot har ei meirinntekt på kr. 603 000.

Skatt og overføringar frå Staten	Regnskap	Budsjett (end)	Budsjett	Regnskap i fjor	Endring	Endring i %	Meir-inntekt
Statleg rammeoverføring	-76 940 000	-76 903 000	-76 843 000	-74 978 011	-1 961 989	2,6 %	-37 000
Inntektsutjamningstilskot	-13 334 317	-13 079 000	-13 442 000	-13 314 807	-19 510	0,1 %	
Sjønntilskot	-1 148 213	-800 000	-800 000	-1 200 000	51 787	-4,3 %	
Skatt på inntekt og formue	-51 538 526	-51 772 099	-53 413 000	-50 569 119	-969 407	1,9 %	
Eigedomsskatt verker og bruk	-2 499 779	-2 494 000	-2 330 000	-3 235 287	735 508	-22,7 %	
Eigedomsskatt bustad og fritidseiged.	-1 767 977	-1 750 000	-1 750 000	-1 788 033	20 056	-1,1 %	
Naturressursskatt	-2 231 901	-2 231 901	0	-2 148 290	-83 611	3,9 %	





Under kapittel "Årsoppgjer 2018" på s. 56 finn du driftsrekneskapen.

Ei oppstilling av rekneskapen for 2017 mot 2018 syner denne utviklinga:

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Endring	%
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukerbetalinger	10 223 271	9 945 604	277 667	2,7 %
Andre salgs- og leieinntekter	32 186 065	38 200 831	-6 014 766	-18,7 %
Overføringer med krav til motytelse	27 407 375	31 555 190	-4 147 815	-15,1 %
Rammetilskudd	89 492 818	91 422 530	-1 929 712	-2,2 %
Andre statlige overføringer	16 847 774	12 967 827	3 879 947	23,0 %
Andre overføringer	278 823	189 126	89 697	32,2 %
Skatt på inntekt og formue	50 569 119	51 538 526	-969 407	-1,9 %
Eiendomsskatt	5 023 320	4 267 756	755 564	15,0 %
Andre direkte og indirekte skatter	7 639 494	8 279 912	-640 418	-8,4 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>239 668 059</b>	<b>248 367 302</b>	<b>-8 699 243</b>	<b>-3,6 %</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	133 385 035	135 735 592	-2 350 557	-1,8 %
Sosiale utgifter	26 940 410	26 094 795	845 616	3,1 %
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	29 517 402	27 723 700	1 793 702	6,1 %
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	23 010 320	23 878 867	-868 547	-3,8 %
Overføringer	18 072 793	21 029 966	-2 957 173	-16,4 %
Avskrivninger	13 288 030	14 966 591	-1 678 561	-12,6 %
Fordelte utgifter	0	0	0	
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>244 213 991</b>	<b>249 429 511</b>	<b>-5 215 520</b>	<b>-2,1 %</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-4 545 932</b>	<b>-1 062 209</b>	<b>-3 483 723</b>	<b>76,6 %</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter og utbytte	5 735 202	5 123 981	611 221	10,7 %
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0,0 %
Mottatte avdrag på utlån	48 804	276 703	-227 899	-467,0 %
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>5 784 006</b>	<b>5 400 684</b>	<b>383 322</b>	<b>6,6 %</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter og låneomkostninger	4 042 131	4 060 042	-17 911	-0,4 %
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0,0 %
Avdrag på lån	7 760 514	8 316 665	-556 151	-7,2 %
Utlån	127 560	399 254	-271 694	-213,0 %
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>11 930 206</b>	<b>12 775 961</b>	<b>-845 756</b>	<b>-7,1 %</b>
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-6 146 199	-7 375 277	1 229 078	-20,0 %
Motpost avskrivninger	13 288 030	14 966 591	-1 678 561	-12,6 %
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>2 595 899</b>	<b>6 529 105</b>	<b>-3 933 206</b>	<b>-151,5 %</b>

## Kraftrelaterte inntekter:

### Konsesjonskraft

Årsrekneskapen viser kor viktig samla inntekter kommunen har som følge av erstatningar og kompensasjonar frå kraftutbygging og kraftproduksjon. Samla sett viser inntekter frå konsesjonsavgifter, konsesjonskraft, eigedomsskatt frå verker

og bruk og bruk knytt til kraftproduksjon og naturressursskatt kr. 20 621 000.


I tillegg kjem renteavkastning av fond som er oppretta som følge av erstatningar og utbyggingsavtaler. Desse inntektene er avgjerande for god teneste- og velferdsproduksjon i kommunen. Det er

særdeles viktig å følge opp desse rettane og inntektene i åra som kjem. Dette gjeld både ved å syte for at eigenkompetanse er til stades i kommunen, og at forståing for grunnlaget for inntekter er tilstrekkeleg. Det er ikkje minst viktig å ivareta dette området interessepolitisk for distriktkommunane.

## Kraftrelaterte inntekter

	2014	2015	2016	2017	2018
Konsesjonskraft	10 299 724	7 787 588	8 191 618	8 356 987	7 662 420
Konsesjonsavgifter	4 479 773	4 306 214	4 365 071	4 746 347	4 798 810
Avtale Smådøla	0	408 611	772 200	744 857	1 249 201
Naturressursskatt	2 187 900	2 214 916	2 120 492	2 148 290	2 231 901
Eigedomsskatt kraftverk	3 450 548	4 205 397	4 726 338	3 235 287	2 499 779
Aksjeutbytte kraftselskap	6 988 800	6 628 200	6 075 000	2 574 000	2 176 800
Sum kraftrelaterte inntekter	27 408 759	25 552 941	26 252 735	21 807 785	20 620 929

- Aksjeutbytte kraftselskap
- Eigedomsskatt kraftverk
- Naturressursskatt
- Avtale Smådøla
- Konsesjonsavgifter
- Konsesjonskraft



## Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er negativt, og har ein nedgang frå tidlegare år. Denne resultatposten syner resultatet av drifta før finansposter. Brutto driftsresultat er kr. – 1 062 000, mot justert budsjett på kr – 3 464 000. Brutto driftsresultat i 2017 var kr – 4 546 000.

## Netto driftsresultat

Netto driftsresultat syner kva som kan nyttast til avsettingar og bidrag til finansiering av investeringar etter at renter og avdrag er betalt. For å sikre ei forsvarleg formueforvaltning er det frå sentral styremakter tilrådd å ha eit netto driftsresultat som er minimum 1,75% av driftsinntektene. Dette målalet må

vrderast ut i frå kva som er dei lokale behov til investering og utviklingstiltak. For å halde eit stabilt godt investeringsnivå utan reell auke i gjeld, er det naudsynt at netto driftsresultat i % av driftsinntektene held seg på eit høgt nivå. For Lom bør dette talet vera minst 2%. 2 % er i samsvar med vedteken økonomisk handlingsregel. Lom kommune har eit stort investeringsbehov. Ein bør halde eigenkapitalfinansiering på investeringar på ca. 40 %.

Netto driftsresultat for 2018 er kr 6 529 000. Justerer vi netto driftsresultat for netto bruk av bundne fond, får vi eit justert netto driftsresultat som er kr 5 189 000. Det justerte netto driftsresultat blir

2,1 % av driftsinntektene.

## Meir- eller mindreforbruk

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på kr 3 256 000. Mindreforbruket syner eit avvik på 1,3 % i forhold til driftsinntektene.

## Konklusjon

Det er ei god betring av både netto- og brutto driftsresultat i 2018, både i forhold til førre året og i forhold til justert budsjett. Totalt for kommunen må ein ha fokus på innsparingar, da økonomiplanen syner eit stort behov for dette dei næraste åra.

## NETTO DRIFTSRESULTAT

	2014	2015	2016	2017	2018
Netto driftsresultat	2288486	5449375	12595526	2596000	6529000
Netto driftsresultat justert	2785608	-704742	11591961	4436000	5189000
Justert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	-1,3	-0,3	4,90 %	1,90 %	2,10 %

# Handlingsregelen

I kommunestyremøte den 29.10.2015 i sak 61/2015 vedtok Lom kommunestyret ein handlingsregel for god økonomisk styring.

## Handlingsregelen har desse målsetjingane:

- Mål om korrigert netto driftsresultat: 2 % av driftsinntektene.
- Mål om storleiken på disposisjonsfondet: 10 % av driftsinntektene.
- Mål om netto lånegjeld: skal ikkje vera over 65 % av driftsinntektene.

### Netto driftsresultat:

Justert netto driftsresultat vart kr. 1 386 000 betre enn det handlingsregelen legg opp til. Dette er ei god betring frå 2017. Det gode resultatet gjev positive konsekvensar på mindreforbruk/meirinntekt på kr. 3 256 000. Kravet til justert netto driftsresultat må sjåast saman med investeringsbehova, og det faktum at vi har eit lågt rentenivå. Frå fleire fagmiljø innan økonomi er det varsla høgare rente i nær framtid. Nå kan det sjå ut til at prognosen til Norges Bank blir gjeldande. Med gjeld utover det nivået vi har i dag, og ei høgare rente, vil det bli større utfordringar med å greie 2,0 % justert netto driftsresultat.

### Lånegjeld:

Vi har hatt ei motvekt i styring av renterisikoen ved at låneportefølje sett opp i mot likvide middel med avkastning i form av renteinntekter har vore på omtrent same nivå. Ved auka gjeld vil vi få ein større renterisiko.

### Disposisjonsfondet:

Disposisjonsfondet ligger over kravet med kr. 1 386 000.

Handlingsregel	2017	2018	Handlingsregel	Avvik
<b>Driftsinntekter</b>	<b>239 668 059</b>	<b>248367000</b>	<b>248367302</b>	<b>-302</b>
Justert netto driftsresultat	4 436 095	5 189 000	4 967 346	221 654
Justert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	1,85 %	2,1 %	2,00 %	0,1 %
<b>Disposisjonsfond</b>	<b>24 190 198</b>	<b>26 222 529</b>	<b>24 836 730</b>	<b>1 385 799</b>
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	10,1 %	10,6 %	10,0 %	0,6 %
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>231 201 723</b>	<b>248 371 081</b>	<b>161 438 746</b>	<b>-86932335</b>
Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	96 %	100 %	65 %	-35 %

Raude beløp = negativt avvik

	2017	2018
Langsiktig gjeld: *1)	231 201 723	248 371 081
*Utlån	46 566 615	45 656 715
*Ubrukte lånemiddel	2 166 576	3 868 391
Netto lånegjeld (Jf. definisjonen til KOSTRA)	182 468 532	198 845 975
Lån sikra med husleigeavtale eller gebyr, samt fastrentelån:		
*Startlån	17 593 382	16678811
*Lån VAR - området	44 909 000	49 134 000
*Lån sikra med husleigeavtale (Husleiga på bustader ligg på marknadspris og kan ikkje aukast) (Estimert ca. beløp)		15 638 000
*Lån sikra med husleigeavtale, utanom bustader (Estimert ca. beløp)		29 715 000
*Fastrentelån	108 664 810	91 177 000

\*1) I tillegg til ca. oppstilling over, har vi lån med rentekompensasjon.

(Det blir arbeidd med å tydeleggjera definisjonen av den langsiktige gjelda)

### Anleggsmiddel

Anleggsmiddel syner dei rekneskapsførde verdiar av eigedomar, drifts-midlar, pensjonsmidlar, utlån og aksjar med meir. Total bokført verdi av anleggsmidlar ved utgangen av 2018 var kr 791976601.


Anleggsmidlar har auka med kr 44668881 frå 2017 til 2018. Omlag kr 19 604 807 av denne auka skuldast pensjonsmidlar. Den bokførde verdien av pensjonsmidlar er kr 304 418 125.

### Omløpsmidlar


Omløpsmidlar er dei bokførde verdiane av kasse, bank, kundefordringar m.m., og er eit tal i vurdering av likviditeten.

Omløpsmidlar har auka med kr 9 397 000 frå 2017 til 2018. Bankinnskott har auka med kr 4 450 000. Kortsiktige fordringar har auka med kr. 3 633 000 og premieavvik har auka med kr 1 314 000. Likviditeten til Lom kommune er god.

Ser ein på kortsiktig gjeld (skal betalast innan 1 år) opp mot omløpsmiddel (kasse, bank, kundefordringar), så har vi i 2018 eit forholdstal = Omløpsmiddel dividert på kortsiktig gjeld (fråtrekt ubrukte lånemiddel) på 2,9 mot 2,7 i 2017. Dette vil seie at vi har likvider til å betale den kortsiktige gjelda 2,9 gonger, noko som er ein god likviditet.



### Arbeidskapitalsutvikling



### Arbeidskapitalutvikling

– er ei anna oversikt over likviditetsutviklinga. Arbeidskapitalen er differansen mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld, sett i prosent av driftsinntekter. Både desse analysane syner ein god likviditet.

### Kortsiktig gjeld


For Lom kommune består kortsiktig gjeld av gjeld til leverandørar, arbeidsgjevaravgift, skuldig meiverdigavgift, skattetrekk m.m. Denne gjelda auka med kr 987 000. Pr 31.12.2018 var denne gjelda på kr 41 014 555.

### Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforpliktingar. Rekneskapsført langsiktig gjeld pr. 31.12.2018 var kr 594 093 178 mot kr 572 754 398 ved utgangen av 2017. Dette er ei auke på kr 21 338 780. Låneopptak blir gjort etter vedtak i kommunestyret.

Pensjonsforpliktingar er ein del av den langsiktige gjelda, og er bokført med kr. 345 722 097. Pensjonsforpliktingane har ei auke på kr 4 169 422 frå 2017.

## Lånegjeld




### Eigenkapital

Eigenkapitalen syner kor mykje av kommunen sine egedelar som er finansiert med egne middel. Eigenkapitalen har hatt nedgang dei siste åra. Ved investeringar bør ein nytte ca. 40 % eigenkapital

og dermed maksimalt ca. 60 % langsiktig gjeld. Eigenkapitalen var ved utgangen av 2017 på kr 246 188 986, og ved utgangen av 2018 var denne på kr 277 929 371, ei auke på kr. 31 740 385.

## Eigenkapitalprosent



	Rekneskap	Reg budsjett	Avvik
Investeringar			
Investeringer i anleggsmidler (Note 13)	42 206 316	43 433 563	-1 227 247
Utlån og forskutteringer	300 000	1 000 000	-700 000
Kjøp av aksjer og andeler	775 183	775 183	0
Avdrag på lån	914 571	1 180 000	-265 429
Dekning av tidligere års udekket	288 947	288 947	0
Avsetninger	1 325 347	618 948	706 399
Årets finansieringsbehov	45 810 365	47 296 641	-1 486 276
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	25 157 196	26 882 030	-1 724 834
Inntekter fra salg av anleggsmidler	873 948	703 948	170 000
Tilskudd til investeringer	10 530 299	10 530 299	0
Kompensasjon for merverdiavgift	3 461 703	3 660 748	-199 045
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	4 352 290	4 084 686	267 604
Andre inntekter	0	0	0
Sum ekstern finansiering	44 375 435	45 861 711	-1 486 276
Overført fra driftsregnskapet	220 800	220 800	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0
Bruk av avsetninger	1 214 130	1 214 130	0
Sum finansiering	45 810 365	47 296 641	-1 486 276
Spesifikasjon av avvik:			
Sal av g.Nr :70 b.Nr:323 lom møbeleiemdom as	19197	618948	-599 751
Sal av Hamrom kommunale bustader	35503	20000	15 503
IT-utstyr/programvare regiondata	384543	593750	-209 207
Etableringslån	2520722	2180000	340 722
Kjøp av aksjer og andeler	775183	775183	0
Digitale tavler Loar skule	117923	125000	-7 077
ISY ProAktiv (Digitalisering - går inn i gebyrberegning VAR)	127025	375000	-247 975
IPad Loar skule - klassesett	140701	187500	-46 799
Kjøp av bilar administrasjon	736000	735000	1 000
Overdraging av justeringsrett gjeisarjordet	11908656	10917024	991 632
Kommunale vegar- dekkelegging	2945296	2500000	445 296
Tiltak leirmo vassverk	72383	100000	-27 617
Garmo ra -rehab.	2666937	2762876	-95 939
Hamrom-vassforsyning	185513	200000	-14 487
Rassikring ulstad	2074846	4000000	-1 925 154
Brubakken-trafikksikring	4888765	4250000	638 765
Gammelbanken HMS -tiltak	0	156250	-156 250
Enøktiltak	36923	31163	5 760
Miljøstasjon	242938	462500	-219 562
Skiltplan-veg og gateadresser	343500	495401	-151 901
Containere Miljøstasjon (13 for resteavfall+5 for papir)	374755	477500	-102 745
Gatejos nye energivenleg ljoskjelde 2018	3629705	3625000	4 705
Utleigeb.Vanskelegstilte/flyktninger	6824930	6897548	-72 618
Nytt helsesenter	-62500	0	-62 500
Tilbygg Lom heilseheim	2827807	2337500	490 307
Omsorgsbustader Lientomta	127997	102398	25 599
Kjøp av bilar heimhjelp	450095	450000	95
Helseheimen ny varelevering	937540	1482153	-544 613
Kjølerom - nytt agregat	188535	150000	38 535
Dekning av tidligere års udekket	288947	288947	0
T O T A L T	45810365	47296641	-1 486 276

# Finansrapport - føremålet med finansforvaltninga

## Overordna mål

Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre stor grad av forutsigbarhet for Lom kommune sin finansielle stilling. Finansforvaltninga skal gje ei rimelig avkastning, utan å ta vesentleg finansiell risiko.

## Delmål

Kommunen skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har. Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning. Dette skal gjerast innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader. Forvaltning av eventuelle langsiktige finansielle aktiva, utanom middel berekna til å dekke daglege fordringar til driftsføremål, skal skje etter same overordna forsiktige prinsipp som for annan likviditet.

## Ledig likviditet og midlar for driftsføremål

Kommunen sine midlar til driftsføremål (og ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK). Driftslikviditet til kommunen skal plasserast i kommunen sin hovudbank.

I tillegg kan det gjerast innskot i andre spare- eller forretningsbankar.

Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har. Kommunen sine likvider er plasserte i bankinnskot. Noko av likvidane er plasserte i rentebinding med tre månaders oppseiingstid. Innestående på denne avtala pr. 31.12. var kr 59 546 000. Likvider elles er plasserte til flytande rente, og er til ei kvar tid disponible midlar. Gjeldsportefølje og andre

## finansieringsavtaler

Sum lånebehov for 2018 etter kommunestyret sitt budsjettvedtak var kr 26 882 000. Låneoptak blir vurdert opp mot investeringane og framdrift på disse. Det er forsøkt å halde ubruktelånemiddel på eit minimum. Ved utgangen av året hadde vi denne fordelinga mellom lån med flytande rente og fast rente:

- Fastrentelån: 37,0 %
- Flytande rente: 63,0 %

Finansreglementet seier at fordelinga på lånealternativa skal ha minimum 1/3 av låna skal vera lån til fastrente og minimum 1/3 av låna skal vera lån til flytande rente, medan 1/3 skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen. Etter dette blir det vurdert til at fordeling av låna er innanfor reglementet sine krav. Eitt av delmåla i finansreglementet:

«Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette

der renta er sikra ved auka renteinntekt frå utlån. Lån til skuledelen i Utgard er «rentesikra» ved at husleiga blir regulert i takt med lånerenta i Kommunalbanken, det same gjeld lån til investering av «Ambulansegarasje». Dessutan er lån til bustadbygging, sikra ved at husleiga kan regulerast om renta aukar, men denne er knytt opp mot konsumprisindeksen.


Kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

## Føremål

Forvaltning av Lom kommune sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning som kan vera med på å gje innbyggjarane i Lom eit godt tenestetilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein forsøker å få ei rimeleg årleg bokført avkastning.

Dagens situasjon

## Likvitetutvikling



skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader.” Ein del av lånegjelda, kr. 49 134 000 er lån til investeringar innan VAR- området. Her er renta sikra ved at rentekostnaden blir kalkulert inn i dei kommunale gebyra, etter reglar for fastsetting av gebyr. Forvaltningslån utgjer kr 16 678 811. Disse låna er i det meste lånt ut vidare,

Lom kommune har lån til AS Eidefoss, der kommunestyret tidlegare har vurdert at kommunen, saman med dei andre eigarkommunane kvar kan yte eit ansvarleg lån til selskapet med kr 30 mill. I tillegg har Lom kommune aksjar og egedelar i andre selskap som vist i oppstilling til høgre. Aksjar og andre egedelar er å sjå på som langsiktige og samfunnsmessige investeringar.

## Nykkeltal pr. 31.12.18

	2017	2018
Renteinntekter og aksjeutbytte	5 784 000	5 123 981
Avkastning i %	4,2 %	4,7%
Langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingar	231 202 000	248 371 081
Effektiv lånerente	1,6 %	1,6%
Aksjar og utlån	137 234 697	109 461 857

# Avviksanalyse

## Rekneskap

	2018	reg. budsjett	Avvik
<b>Driftsinntekter</b>			
Brukerbetalinger	9 945 604	9 471 000	474 604
Andre salgs- og leieinntekter	38 200 831	35 307 476	2 893 355
Overføringer med krav til motytelse	31 555 190	22 820 608	8 734 582
Rammetilskudd	91 422 530	90 782 000	640 530
Andre statlige overføringer	12 967 827	10 519 362	2 448 465
Andre overføringer	189 126	100 000	89 126
Skatt på inntekt og formue	51 538 526	51 772 099	-233 573
Eiendomsskatt	4 267 756	4 244 000	23 756
Andre direkte og indirekte skatter	8 279 912	7 481 901	798 011
Sum driftsinntekter	248 367 302	232 498 446	15 868 856
<b>Driftsutgifter</b>			
Lønnsutgifter	135 735 592	131 816 127	3 919 465
Sosiale utgifter	26 094 795	26 815 927	-721 132
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	27 723 700	24 959 566	2 764 134
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	23 878 867	21 660 338	2 218 529
Overføringer	21 029 966	18 183 048	2 846 918
Avskrivninger	14 966 591	12 644 000	2 322 591
Fordelte utgifter	0	-116 065	116 065
Sum driftsutgifter	249 429 511	235 962 941	13 466 570
Brutto driftsresultat	-1 062 209	-3 464 495	2 402 286
<b>Finansinntekter</b>			
Renteinntekter og utbytte	5 123 981	5 446 000	-322 019
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	276 703	97 600	179 103
Sum eksterne finansinntekter	5 400 684	5 543 600	-142 916
<b>Finansutgifter</b>			
Renteutgifter og låneomkostninger	4 060 042	3 761 000	299 042
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdrag på lån	8 316 665	8 133 000	183 665
Utlån	399 254	30 000	369 254
Sum eksterne finansutgifter	12 775 961	11 924 000	851 961
Resultat eksterne finansransaksjoner	-7 375 277	-6 380 400	-994 877
Motpost avskrivninger	14 966 591	12 644 000	2 322 591
Netto driftsresultat	6 529 105	2 799 105	3 730 000

## Avviksforklaringar

Inntekter:	Budsjett	Just. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Merknad
Brukarbetalingar	-9 424 000	-9 471 000	-9 945 604	474 604	*1)
Konsesjonskraft	-5 450 000	-7 148 000	-7 662 420	514 420	
Konsesjonsavgifter	-4 500 000	-4 500 000	-4 798 810	298 810	
Avtale Smådøla	-700 000	-750 000	-1 249 201	499 201	
Skatt	-53 413 000	-54 004 000	-53 770 427	-233 573	
Rametilskot	-91 085 000	-90 782 000	-91 422 530	640 530	
Aksjeutbytte	-1 360 000	-2 175 000	-2 230 800	55 800	
Integreringstilskot	-7470000	-7220000	-9343900	2 123 900	
Introduksjonsstønad	3 320 000	3 461 195	4 718 271	-1 257 076	
Sosial rådgj. flyktninger	923 145	932 177	984 049	-51 871	
Øremerka tilskot	-487 000	-467 000	-2 258 027	1 791 027	*2)
Refusjon frå staten	-4 738 393	-5 355 772	-6 589 186	1 233 414	*3)
Ref. Helfo/NAV	-100 000	-100 000	-622 913	522 913	
<b>Utgifter:</b>					
Sosiale utgifter	24 535 040	26 815 927	26 094 795	721 132	
Kjøp av varer og tenester	23 865 390	24 959 566	27 723 700	-2 764 134	*4)
Kjøp av tenester frå sel kommune	3 371 700	3 371 700	3 792 906	-421 206	*5)
Kjøp av tenester frå vågå kommune	833 000	833 000	1 140 575	-307 575	*6)
Kjøp av tenester frå skjåk kommune	4 090 000	4 181 000	5 155 998	-974 998	*7)
Kjøp av tenester frå andre kommunar	157 500	157 500	173 881	-16 381	
Driftstilskot -regionkontoret	408 585	408 585	408 585	0	
Driftstilskot interkomm. Revisjon	658 565	658 565	534 150	124 415	
Driftstilskot ppt	1 438 757	1 438 757	1 479 668	-40 911	
Driftstilsk-regionodata (aurora)	1 915 000	1 915 000	1 965 815	-50 815	
Løn	130 045 000	131 816 000	135 736 000	3 918 000	*8)
*8) Refusjon sjukeløn				3 552 000	
Refusjon fødselspengar				422 000	
Sum avvik løn				55 000	
Pensjon	24 535 000	26 816 000	26 095 000	-721 000	

Avvika er samansett av forskjellige element som går inn i premieberekninga.

## Avviksforklaringar

Avviksforklaring inntekter:	Mindreinntekt	Meirinntekt	Avvik
<b>*1 - Brukarbetalingar</b>			
*sal av kortidsopphald helseheimen	0	240000	
*Eigedelar lege - tilsatt i kommunen	0	770000	
*Brukarbetaling barnehagen - mindreinntekt	300000	0	
*Opphald helseheimen - mindreinntekt	100000	0	
*Fysioterapi - mindreinntekt	90000	0	
*Anna	45396	0	474604
<b>*2) - Øyemerka tilskot</b>			
*Inkluderande barnehage- og skulemiljø		520000	
*Tiltak mot barnefattigdom		76000	
*Loar skule - vikarmiddel vidareutdanning		295000	
*LUS - vikarmiddel vidareutdanning		102000	
*Breibandsutbygging		100000	
*Styrking av skulehelsetenesten		262000	
*Kompetansetiltak kvardagsrehabilitering		100000	
*Psykologstilling		410000	
*Anna	73973	0	1791027
<b>*3) Refusjon frå staten</b>			
*Prosjekt tenestedesign		300000	
*LUS - vikarmiddel vidareutdanning		100000	
*Forenkla utmarksforvaltning		163000	
*Ressurskrevjande tenester		618000	
*Anna		52414	1233414
Avviksforklaring utgifter:	Meirutgift	Mindreutgift	Avvik
<b>*4) Kjøp av varer og tenester</b>			
*Mange mindre poster til + og - (kan ikkje trekke ut nokon spesiell)	2764134		
<b>*5) Kjøp av tenester frå Sel kommune</b>			
*Legevakt, færre kommuner i samarbeidet	102000		
*Institusjonsplasser	273000		
*NAV	54000		
*Anna		7794	421206
<b>*6) Kjøp av tenester frå Vågå kommune</b>			
*Innkjøpskontor	40000		
*Landbrukskontor	180000		
*Flyktningekonsulent	45000		
*Omsorgstenester	25000		
*Anna	17575		307575
<b>*7) Kjøp av tenester frå Skjåk kommune</b>			
*Felle kulturskule frå 1.8.	585000	0	
*Felles landbrukskontor frå 1.8.	393000	0	
*Barnevern	0	82000	
*Sysselsettinggruppe	245000	0	
*Anna	0	166002	974998

## Forklaring til spesifikasjon av avvik.

### **Brukarbetalinga:**

Eigedelar lege: Legane i Lom er privatpraktiserande, og får dermed eigedelane som sin inntekt. I 2018 hadde vi inne vikarierande lege, som var tilsett i kommuna. Av denne grunn fekk Lom kommune inntektene frå eigedelane. Dette utgjorde kr. 770 000,-.

Øymerka tilskot:

Punkta som er lista opp under dette punktet, er øymerka tilskot som kommunen har fått som ekstra inntekt på grunn av prosjekt eller andre tiltak. Bl.a. er det motteke kr. 410 000 til dekking av felles psykologstilling med Skjåk og Vågå, der Lom skal vera vertskommune. Det var i løpet av 2018 ikkje tilsett nokon i stillinga. Andre tilskot ein har fått er tilskot til dekking av vikarutgifter innan skulane, i samband med vidareutdanning. Det er elles motteke kr. 520 000 til prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø».

### **Refusjon frå Staten:**

Den største enkeltposten her er tilskot til dekking av utgifter i samband med «ressurskrevjande tenester», kr. 618 000,-. Dette er mottak for bl.a. dekking av store utgifter med denne tenesta, der staten dekker toppen av utgiftene, medan kommune dekker opp til ein bestemt del. Andre postar i dette punktet er forskjellige prosjekt som har gått eller går i kommunen.

### **Kjøp av varer og tenester:**

Avvika her er mange mindre avvik, både til pluss og minus, slik at det ikkje er mogleg å peike på nokon einskildpost som kan forklare avvika.

### **Kjøp av tenester frå Sel:**

Sør – Fron og Nord – Fron kommunar gjekk ut av samarbeidet, slik at utgiftene til dette vart høgare ved at det vart færre å dele utgiftene på. Elles er det kjøpt fleire institusjonsplasser ved Lokalmedisinsk senter enn det som ligg i budsjettet. Dei andre avvika er uvesentlege avvik.

### **Kjøp av tenester frå Vågå:**

Felles Innkjøpskontor for Nord - Gudbrandsdal var nytt frå 1.5.2018. Her fekk vi eit avvik på kr. 40 000,-. Ved frávær av landbrukssjef, måtte kommune kjøpe tenester frå Vågå kommune. Under sjukefrávær i Flyktningetenesta, vart det i ei periode leid inn flyktningekonsulent frå Vågå. Dei andre avvika er av uvesentleg karakter.

### **Kjøp av tenester frå Skjåk:**

Frå 1.8.2018 vart det etablert felles kulturskule og felles landbrukskontor mellom Lom og Skjåk kommunar. Utbetaling til Skjåk for dette samarbeidet var ikkje budsjettert på disse postane, men kom fram som budsjett under dei einskilte tenestane som var nytta i Lom før samanslåinga. Felles sysselsettinggruppe fekk eit avvik i høve budsjett på kr. 245 000,-. Årsaken til dette er vurdert i møte saman med Skjåk. Det har vore ei utfordring å skaffe personar til den naudsynete produksjonen i gruppa, slik at ein ikkje har hatt dekking av sine utgifter. Samarbeidet er vurdert av administrasjonen i Lom, som vil gjera ei ytterlegare vurdering av tenesta, der dette mest truleg vil bli ei sak for politisk handsaming.



# Støttefunksjonen

## Kva gjer støttefunksjonen?

Støttefunksjonen skal yte service og leiarstøtte overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har og oppgåver som er retta mot innbygarane i kommunen.

**Støttefunksjonen har hatt ansvaret for disse oppgåvene:**

- IT/IKT
- Personalavdeling
- HMT - kvalitetssystem
- Økonomi
- Innkjøp

## Kva skjedde i 2018?

**Disse oppgåvene er digitalisert:**

ISY PROAKTIV:

- Automatisk oppdatering av eigedomsregister frå matrikkel
- Automatisk/forenkla rutine ved eigarskifte
- Forenkla rutinar ved avlesing og registrering av vassmålarar
- Kreditering skjer ved utskrift av ny faktura, slik at vi slepp å sende egne kreditnotaer
- Som følgje av prosessen har vi redusert ei stor mengde med varenummer som medfører forenkling
- Forenkla samhandling mellom MTN og Økonomiavdelinga
- Det som står att:
- Få på plass SMS – varslingsområde som kan nyttast til varslingsområde om bl.a. informasjon om ev. forureina vatn, avlesing av vassmålarar m.m.
- Registrering av slam frå bil, slik at vi slepp dette frå lister som blir skrivne for hand av sjåfør.

Dette har vore ein stor prosess, der det må gjevast ros til dei i Økonomiavdelinga som har arbeidd med dette.

Lønsområdet

- Digitale sjukemeldingar frå 1.1.2018
- Sjukemeldingar, permisjonssøknader og eigemeldingar gjennom WinTid integrert mot lønssystemet
- Timeregistrering er ved årsskifte under testing.
- Integrasjonen mot MinVakt

Dette har vore ein stor prosess, der det må gjevast ros til dei i Økonomiavdelinga som har arbeidd med dette.

eOrdre

- Det er starta prosess med implementering av eOrdre (Kvar teneste registrere fakturagrunnlag direkte i eOrdre, slik at vi slepp å ta dette att for registrering på økonomiavdelinga).
- Arbeidet med å få fleire fakturaer som EHF – format er ein kontinuerlig prosess.
- Det vil bli arbeidd med å lage profilar i fakturabehandlingssystemet, slik at vi får meir automatiserte rutinar.
- Tilpassing til digital handtering av sjukemeldingar.
- 60 % av ein stillingsressurs på 100 % vart gjort om til personvernombod i samarbeid med Vågå og Skjåk kommunar.

## Mål for framtida

**Vi vil ha fokus på desse prosessane:**

- eHandel har viset seg å vera eit for tungt system å administrere, slik at dette vil mest truleg bli avvikla.
- Vidareutvikle HMT – og kvalitetsarbeidet i organisasjonen

- Arbeide vidare med automatisering av økonomiarbeidet
- Arbeide med automatisering av løns- og personalarbeidet
- Arbeide med å tilpasse tenestetilbodet til behovet ute i dei enkelte tenestene



## Kva gjer SIK?

Dette relativt nyoppretta tenesteområdet omfattar Servicetorget, Lom folkebibliotek, Utgard, andre kulturtenester og informasjon.

### Servicetorget

Servicetorget har ansvar for publikumskontakt over skranke, sentralbord, politisk sekretariat, post og arkiv, løyve til sal og skjenking av alkohol, i tillegg til ei rekke andre oppgåver.

### Kulturadministrasjon

Handsamar søknader om kommunale driftsmidlar til kultur og idrett og søknadar om spelemidlar.

### Informasjon

Drift av nettstaden til kommunen, intranett og kvalitetssystem for tilsette. Sideombrekking av publikasjonar - til dømes: årsmelding, budsjettokument, tertialrapportar, Lomsnytt/Kyrkjeblad for Lom, diverse reglement og prosedyrer, plakatar, informasjonsmateriell, med meir. Administrering og innhaldsproduksjon for kommunen si side på facebook: lydproduksjon, bilde- og videoproduksjon

## Kva skjedde i 2018?

- I 2018 blei Ivar Kolden pensjonist etter 26 år i trufast teneste for Lom kommune.
- Lomsfest gjekk av stabelen for andre gong 18. – 21. oktober 2018, og har blitt eit årleg arrangement tredje helga i oktober. I fire dagar var Lom sentrum fylt av aktivitetar og underhaldning, og tilslutninga frå både arrangørar og publikum var stor. Samarbeidet mellom friviljug sektor, næringsliv og kommunen har stort potensiale og gjev håp om at Lomsfest kan bli ein sær eigen festival for Lom som appellerar både til lokalbefolkning og tilreisande.
- Regjeringa har ambisjon om at dei norske kommunane skal vere digitale innan 2020. Dette er ein «hårete»

målsetting som Lom kommune har ambisjon om å innfri. Kwart tenesteområde i kommunen har derfor utarbeida si eiga handlingsplan for digitalisering som rullerast kvart år.

- Hausten 2018 gjennomførte sju medarbeidarar i Lom kommune kurs i tenesteinnovasjon saman med Skjåk kommune. Kurset er utvikla i samarbeid med Rolf Rønning og Siv Magnusen ved Høgskulen i innlandet. Fokus for kurset har vore «samskaping» - korleis lage gode tenester i samarbeid med brukarane? Vi håper å vidareføre kurset med ein del II i 2019.

## Mål for framtida

Korleis kan kommunen legge til rette slik at det blir attraktivt å bu i Lom? Det er ikkje tvil om at arbeidsplassar er det som drar folk til bygda, men gode kulturtilbod og ein open og inkluderande friviljug sektor er kanskje det som får folk til å bli. Lom kommune har mål om å styrke samarbeidet med friviljug sektor i åra framover for å skape eit levande og inkluderande lokalmiljø.

Lom kommune har ambisiøse mål når det gjeld å utvikle nye digitale tenester. Denne utviklinga byr også på utfordringar når det gjeld digitalt utanforskap. For at alle skal ha moglegheit til å bli reele digitale innbyggjarar vil kommunen i samarbeid med friviljugsentralen etablere eit digihjelp-tilbod i 2019.

# Kva gjer Lom folkebibliotek?

Lom folkebibliotek stiller bøker og andre publikasjonar og medium til disposisjon for lånarane og driv utlån og aktiv formidling. Biblioteket tilbyr arrangement og kulturopplevingar som passar for ulike aldrar og interesser. Biblioteket skal skape trivsel slik at det er ein god stad å vera. Bibliotekgjestane skal kjenne seg verdsette og velkomne.

Lom folkebibliotek driv bibliotekutvikling. Dette skjer blant anna gjennom prosjekt som biblioteket deltek i. I 2018 mottok biblioteket 40 000 frå Kulturrådet, 8 000 frå Sparebank1 Lom og Skjåk og 10 000 frå G-Kultur til prosjektet «klassikarar for framtida». I dette prosjektet har vi samarbeidd med fire av Norges fremste litteraturkritikarar om å kåre dei 25 bøkene 2013-2017 som har størst potensial til å bli klassikarar i framtida. Vi brukte 2018 til å fullfinansiere prosjektet slik at vi i Bokåret 2019 kan gå ut og profilere dei nye klassikarane og prosjektet.

Lom folkebibliotek har opparbeidd seg posisjon som eit «kraftsentrum» for litteraturformidling i Noreg, og i fleire år har vi reist rundt og halde foredrag om årets bøker og annan litteratur for bibliotekarar, lag og foreiningar. Gjennom aktiv formidling ynskjer vi å motverka bestseljar-dominansen i bokbransjen, gjera kjend det mangfaldet som finst innan litteratur og hjelpe brukarane å finne bøker dei etterspør eller som kan passe den einskilde. Målet er å ligge i øvre sjikt i fylket når det gjeld utlån per innbyggjar og vera blant dei beste i fylket når det gjeld bibliotekbesøk.

Vi ynskjer at tilboda og tenestene som biblioteket tilbyr

## Kva skjedde i 2018?

### Digital formidling

Bloggane Tre vise kvinner, Det leste i livet, Ord om fjell, heimeside, facebookside, Twitter og Instagram kvar veke

### Formidling for skuleelevar i Lom

- 15 bokpresentasjonar for elevar i grunnskulen ved Are Flaten, Merete Byrøygard, Tonje Alstadnes og Rita Mundal
- Klassebesøk frå skulane kvar veke gjennom heile skuleåret
- Leseprosjekt over fem veker for 3. klasse

### Formidling for vaksne

- Årets bøker for bibliotekarane i Trondheim, Merete, Are og Rita
- Teikneserieformidling. Are var i Dovre og Skjåk
- Årets bøker for bibliotekarar i Oppland og Sogn og Fjordane, Merete
- Bokprat for pensjonistlaget i Lom, Merete
- Årets bøker med Are og Rita for Mållaget Ivar Kleiven, Vågå



skal vera relevante for flest mogleg av innbyggjarane i kommunen. Biblioteket skal inspirere til lesing og læring.

Frå 2017 til 2018 fekk Lom folkebibliotek redusert budsjettet med 144 000. Vi valde å halde på personalressursen for å kunne halde oppe aktivitetsnivået og fortsetje med formidlingsaktiviteten som biblioteket har blitt kjend for. Budsjettkutta gjekk hardast utover bok- og mediebudsjetta som vart meir enn halverte.

For å auke inntektene intensiverte vi formidlingsaktiviteten ytterlegare i 2018. Vi selde foredrag og formidlingstenester til kommunar, fylkeskommunar, lag og foreiningar for nærare 30 000. Biblioteket har i fleire år drive bibliotekutvikling gjennom deltaking i prosjekt der vi søker om eksterne middel. I 2018 søkte vi middel til fullfinansiering av klassikar-prosjektet vi sette i gang i 2017. Biblioteket fekk tilført 58 000 i prosjektmiddel i 2018. Resultatet syner eit overforbruk på 43 000. I hovudsak skuldast dette ei sak med etterbetaling av løn som ikkje vart køyrt som budsjettjusteringssak. Det totale utlånet viser ein nedgang på om lag 12% frå 2018.

### Arrangement og anna i biblioteket

- Praksiselev frå OsloMet. Live Marie Eriksen hadde første års bibliotekpraksis hjå oss fem veker i januar og februar.
- Vinterles. Lesekampanje for vaksne. Avslutta med forfatterbesøk av Levi Henriksen i mai.
- Boklek for 20 skulestartarar. Forfatterbesøk av Camilla Kuhn.
- Sommarles for ungar i sommarferien. Avslutning med Vitensenteret for 60 ungar i september.
- Strikk og lytt med Lom husflidslag, Merete
- N-Games. Gaming for 1. – 10. klassingar. To spelkveldar på biblioteket hausten 2018. Are og Tonje.
- Arrangerte formidlingskurs i samarbeid med Oppland fylkesbibliotek på Brimi sæter
- Erotiske dialogar med Merete og Are. Biblioteket sitt bidrag under Lomsfest i oktober.
- Arbeidstrening. Ein person utplassert to x fire timar i veka. Samarbeidsavtale med NAV.
- Julesal. Arbeidssenteret hadde salsdag på biblioteket før jul.
- Kroken og Kolden prata om den nye boka si

# Fakta

## Personal

Tre tilsette i 2,1 årsverk: Rita Mundal – bibliotekleiar 100%, Merete Byrøygard 80%, Are Flaten 30%. Merete fungerte som bibliotekleiar i dei periodene Rita var sjukemeld. Are gjekk opp i 60% og 50% desse to periodene.

# Statistikk

Vi har ikkje full oversikt over statistikken enda, men dei førebelse tala viser ein nedgang i utlånet frå 2017. I 2017 var det totale utlånet 22 252 bøker og andre medium. I 2018 var talet 19 601. Dette er ein nedgang på rundt 12%. Av dette utgjer utlånet av bøker 12 768 mot 14 211 i 2016. Dette utgjer også ein nedgang på vel 10%. Det kan

# Mål for framtida

Vi har som mål å fortsatt ligge i det øvre sjikt i fylket for utlån per innbyggjar i Oppland og halde oppe eit godt besøkstal. Ei av utfordringane er å halde samlinga på eit akseptabelt nivå trass i nedskjeringane i bok- og mediebudsjett. Vi har som mål å halde fast på Lom folkebibliotek sin posisjon som eit «kraftsentrum» for



2018 har vore eit år litt utanom vanleg, med mykje sjukefråvær. Dette til tross så har det vore god aktivitet, spesielt hausten har vore aktiv.

Totalt var det 6060 som besøkte kulturarrangement med billettsal i 2018. Dette er inkludert kino som utgjer om lag 50% av besøkstalla. I år som alle andre år etter opninga av Utgard så toppar vi statistikken med besøk for Bygdakinoen, det er stas! Det har vore 86 arrangement inkludert kino der vi har selt billetter. Skuleavslutningar, miljøkveldar for lag og organisasjonar kjem i tillegg til desse arrangementa med billettsal. Det same gjer konferansar og møter.

Idrettshallen, bassenget og treningsrommet har stabil aktivitet. Idrettshallen er i periodar av året heilt oppteke. Det er ulike friviljuge lag som nyttar hallen på ettermiddag/kveld, og alle vekedagane er fulle frå nyttår til påske. I tillegg er det aktivitet inne i hallen frå påske til mai og frå haustferien til jul, men i desse periodane er det framleis noko ledig kapasitet. Garderobane er i bruk gjennom heile året til fotballkampar og liknande.

På dagtid er det skulane som nyttar halle og bassenget til kroppsøving. I tillegg nyttar skulane seg også av treningsrommet i kroppsøvingstiane i ulike periodar. Barnehagen har i samarbeid med Lom IL nytta bassenget onsdagar for barnehageongane. 2018 var fyrste heile

## Økonomi

Bibliotekbudsjettet vart redusert med 144 000 frå 2017 til 2018. Vi kutta i alle budsjettpostar for å halde på personalressursen. Det største kuttet vart gjort i bokbudsjettet som vart redusert frå 110 000 til 50 000.

vera ulike grunnar til nedgangen, bl.a. fekk biblioteket ein kraftig reduksjon i budsjettet til innkjøp av bøker og andre medium, og boka er i stadig hardare konkurranse med andre medium. Kanskje er også færre av innbyggjarane som bur i Lom nå opptekne av å lesa bøker? Vi har ikkje oversikt over besøkstal for 2018 enda.

litteraturformidling i bibliotek-Norge. Inntektene vi får gjennom sal av formidlingstenester vil vi bruke til bok- og mediekjøp og til nokre arrangement i løpet av året. Vi har målsetjing om å halde oppe aktivitetsnivået på dagens nivå, sjølv om all formidlingsaktiviteten vår er ein svært arbeidskrevjande måte å drive bibliotek på.

driftsåret med basseng.

Det er fleire brukarar som tilbyr aktivitet som spinning og aerobic i periodar av året, og som er ope for alle. Dette er eit fint tilbud. Ein stor takk til dei som tek initiativ og gjennomfører dette.

Våre brukarar/gjester kjøper all treningsadgang online til treningsrommet, og nærmast alle billettane blir kjøpt på nett. Dette er vi svært tilfreds med, både for å vera brukarvennlege og for å spare på ressursar internt. Oppsummert vart 2018 eit bra år, med god aktivitet, sjølv om dette har vore eit år med mykje sjukefråvær i personalet. Dette har ført til at aktiviteten ikkje har ei stigande kurve dette året. Det har vore gjort eit arbeids for å få orden på varmereguleringa av bygget, og vi føler at dette har gjeve resultat. Hausten 2018 fekk vi på plass ei ordning som gjer at russen er aktivt med i kiosken og som rigghjelp for Utgard. Dette er vi svært tilfreds med, og samspelet med ungdomane er kjempe fint for Utgard. Dette er noko vi vil arbeide meir med framover.

Til slutt ein STOR TAKK til alle som har brukt Utgard som arena for både store og små arrangement i 2018, alle er like viktige for oss!

Bruk Utgard

Utgard er for menneskjene i vår region!

Velkomne!



# Barnehagane i Lom

## Kva gjer barnehagen?

### Verdigrunnlag og oppgaver:

Danning, lek, læring og omsorg er sentrale oppgaver for barnehagen. For å løse oppgåvene på ein god måte må ein ha ein kunnskapsbasert praksis der personalet kan utøve pedagogisk skjønn. Felles visjon for barnehagane i Lom er: SAMAN HER OG NÅ. Det betyr nettopp å utøve pedagogisk skjønn ved å gripe øyeblikket og utnytte dette pedagogisk i lek og læring. På den måten gjev ein rom for spontanitet og utforsking og gjev moglegheit for medverknad. Barn sin rett til medverknad er sterkt framheva i barnehagen sine stytingsdokument. Dette betyr at barn har rett til å delta og påverke eigen barnehagedag.

Nokre kvalitetar er særst viktige for barna sine erfaringar og opplevingar. Ikkje minst gjeld det retten til eit inkluderande

barnehagemiljø som fremjar helse og trivsel. For at alle barn skal oppleve dette, er den viktigaste oppgåva for personalet å arbeide for å utvikle gode relasjonar barn-barn, barn-vaksen og vaksen-vaksen.

Det er ynskjeleg med mest mogleg lik praksis i den enkelte barnehage og dei to barnehagane imellom. For at tilsette skal utvikle felles praksis, i samsvar med krav i lov og forskrifter, må barnehagane vektlegge kunnskapsdeling og felles refleksjon. Barnehagane i Lom har i fleire år arbeidd kontinuerleg med kvalitetsutvikling etter ein systematisk metode. Felles fokusområde kvart år, utvikling av felles kvalitetsstandardar og erfaringsdeling er noko av innhaldet i dette arbeidet.

## Kva skjedde i 2018?

- Ny norm for pedagogisk bemanning i barnehagen gjeldande frå 01.08.2018. Denne seier at det skal vere minimum 1 pedagog pr 14 barn over 3 år og pr 7 barn under 3 år. Barnehagane i Lom har hatt god pedagogdekning også tidlegare, og oppfyller normen.
- Vi fekk midlar til symjing også dette året, og idrettslaget, FAU og barnehagen har samarbeidd om økter i bassenget for 5 åringane ein gong i veka store delar av vinter og haust.
- Fokusområdet til barnehagane dette året er «Saman her og nå i musikk og drama» Felles planleggingsdag for alle tilsette med musikkpedagog Lars Lødemel Iversen i oktober.
- Gjennomføring av «Ståstadanalyse for barnehage» vart gjennomført i haust. Dette er eit barnehagebasert vurderingsverktøy frå Utdanningsdirektoratet. Alle tilsette har svara på ei undersøking som har hjulpet til å peike ut prioriterte områder i endrings- og utviklingsarbeid. Det er nedsett ei arbeidsgruppe i begge barnehagane som har eit særleg ansvar for dette arbeidet.
- Barnehagane og skulane i Lom er med i kvalitetsutviklingsarbeidet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» som Utdanningsdirektoratet har ansvar for. Oppstart på dette vår 2018. Dette arbeidet går over 3 år.

## Fakta



# Statistikk

## Brukartilfredsheit:

Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking vart gjennomført i begge barnehagar november 2018. Svarprosent Garmo er 66 % , og for Loar er 57% . Svarprosentet er under snitt for lan, og er noko vi må arbeide for å få opp.


Barnehagane sett under eitt ligg litt over landssnitt. Garmo

scorar veldig godt også i år , og Loar scorar litt betre enn i fjor . Dette er vi godt nøgde med!

Resultat frå foreldreundersøkinga og annan statistikk finn de på [www.barnehagefakta.no](http://www.barnehagefakta.no). Alle tal de finn her er og henta frå denne nettstaden.

	Foreldreundersøkinga 2017		
	Loar	Garmo	Landssnitt
Svarprosent	57%	66 %	71 %
Relasjon mellom barn og vaksen	4,7	4,7	4,5
Barnets trivsel	4,8	4,9	4,7
Tilvenning og skolestart	4,5	4,7	4,5

## Utdanninga til dei tilsette



	Statistikk 2018		
	Loar	Garmo	Landssnitt
Barn per tilsett	5,3	4,9	-
Leike- og opphaldsareal per barn	4,6m <sup>2</sup>	7,7m <sup>2</sup>	-
Totalt antal barn	69	42	-

## Mål for framtida

Få ein meir funksjonell organisering av barnehageområdet. Oppretthalde dei gode resultatata frå foreldreundersøkinga.

Heve relasjonskompetansen til personalet gjennom arbeidet med «Inkluderande barnehage- og skulemiljø».

## Kommentar til rekneskapan

Ingen store avvik nå. Det vart gjort budsjettjustering i juni der særleg vikarbudsjetten vart auka. Har vore høgt sjukefråver dette året , og med såpass marginal bemanning

har vikarbruken vore stor. Mange langtidssjukemelde har ført til mange arbeidsgjevarperioder.


## Kva skjedde i 2018?

- Det har kome på plass trygg skuleveg i Brubakken og langs Solsida. Dette er gledeleg!
- Inneverande skuleår, er det to lærarar som tek vidareutdanning i engelsk. Dette betyr at vi frå hausten 19 har 6 lærarar med minimum 30 studiepoeng engelsk.
- Vi fekk meir digitalt utstyr, men ser at vi heng etter når det kjem til digital kompetanse, og behovet vil difor framleis vere framover i tillegg til behov for kompetanse.
- Vi ser eit aukande behov for andre yrkesgrupper inn i skulen. Elevtala minkar, men kompleksiteten i elevgruppene aukar og lærarane sin arbeidskvardag i dag er fylt med mykje meir kring det sosiale i elevgruppene enn det var for 10 år sidan. Dette vekker stor uro for ein rektor.

Med andre yrkesgrupper meiner vi til dømes vernepleiar, barnevernspedagogar, helsesjuepleiar og sosionomar, dei som har meir miljøretta kompetanse enn lærarane. Vi kan lese om skular som har lukkast i arbeidet med å tilsetja miljøterapeutar i skulen.

- Vi har ein fin skule i Lom, men bygningane på Loar skule byrjar bere preg av alderen. Det er prat om alt frå småting som måling, til større ting som behov for nye dører og vindauge. Vi har i mange år meldt inn at kontora våre er for småe og vi manglar lagerrom. Dette behovet er ikkje endra.

Skulen har i tillegg 11 utgangsdører som til ei kvar tid skal låsast opp/att. Når vi ser dette i samanheng med nye dører, ønskjer vi elektronisk låsesystem. Vi har fleire avvik som syner at dører har stått opne gjennom natt og helger. Dette behovet er framleis stort.



*“Loar skule skal vera ein trygg stad å vera der alle trivst, blir godtekne og respekterte.”*



Vår 2018	158	22	5
Haut 2018	154	21	5

# Mål for framtida

- Det er eit ønskje at helsesjukepleiar kan auke si deltaking i skulekvardagen.
- §9a: eit godt og trygt psykososialt miljø på skulen. Ein kan aldri seie seg tilfreds med det psykososiale miljøet blant elevane. Ein må alltid halde eit auge på dette og aldri sleppe taket. Det skal vi heller ikkje gjere i 2019, personalet skal jamleg diskutere miljøet på skulen og kva som kan betre dette. Elevane blir høyrte gjennom elevsamtalar, Spekter; kartlegging frå 4.klasse, elevundersøkinga i 5. og 7.klasse i tillegg til elevrådet.
- Alle tilsette skal aktivt delta i skulen sine satsingsområde slik at vi alle vidareutviklar praksisen vår til det beste for elevane. I 2019 går vi inn i eit toårig utviklingsarbeid i regi av Utdanningsdirektoratet som heiter inkluderande barnehage- og skulemiljø. I dette arbeidet skal alle tilsette i barnehagane og skulane i kommunen delta. Her får vi kompetanseheving gjennom dei beste i landet innanfor inkludering, mobbing, barnets beste, leiing av endringsprosessar med meir. Utfordringa blir å få involvert alle tilsette på ein god måte slik at vi får ønska effekt av arbeidet.

I tillegg er Fagfornyinga i gang og læreplanane vil bli reviderte. Dette krev mykje arbeid frå lærarane fram mot hausten 2020 når desse planane skal takast i bruk. Vi har alt starta dette arbeidet og har til no fokusert på ny overordna del i læreplanen. Denne er tett knytt til fagplanane og er ein del av læreplanen, ikkje eit tillegg. Fagfornyinga gjer at vi må tenkje på andre måtar framover. Leiken skal i mykje sterkare grad inn i 1.klasse att saman med barnehagepedagogikken, noko vi er glade for. Ein skal i heile skuleløpet tenkje mykje meir temabasert og tverfagleg enn vi har gjort til no. Dette er ei utfordring, men samstundes eit høve til å sjå på praksisen vår og endre det som ikkje fungerer.

I tillegg til desse nye punkta, har vi fortsatt med nytt låsesystem, digitalt utstyr og kompetanse, romsituasjonen vår, sikre nok ressursar til å ivareta alle elevar og deira behov og vi har fortsatt stort behov for å få inn andre yrkesgrupper i skulekvardagen.

2018 syner eit mindrebruk på 956.272 kr.

Dette skuldast mest meir på inntektssida enn budsjettert, men òg eit mindreforbruk på nokre tenesteområder.





# Lom ungdomsskule

Læreplanane i skulen vert fornya for å gjera dei meir relevante for framtida. Dette vert kalla Fagfornyinga. Elevane skal få meir tid til dybdelæring og sjå større samanheng mellom faga. Dei ulike delane i læreplanverket skal henge betre saman. Vi er godt i gang i arbeidet med å gjere oss kjende med den overordna delen til dei nye læreplanane. Denne trer i kraft i takt med at læreplanane stegvis vert tekne i bruk frå skulestart 2020. Sjølv grunnmuren og verdigrunnlaget for opplæringa er menneskeverdet; identitet og kulturelt mangfald, kritisk tenking og etisk medvit, skaparglede, engasjement og utforskartrong, respekt for naturen og miljømedvit og dessutan demokrati og medverknad. Prinsipp for læring, utvikling og danning hos elevane er sosial læring og utvikling, kompetanse i faga, grunnleggjande ferdigheiter og å lære å lære. Andre prinsipp for skulen sin praksis er eit inkluderande læringsmiljø, undervisning og tilpassa opplæring, samarbeid mellom heim og skule, i tillegg til profesjonsfelleskap og skuleutvikling der lærarar og leiarar reflekterer over felles verdiar og vurderer og vidareutviklar sin praksis. Den overordna delen inneheld også samfunnsaktuelle tema som skal prioriterast i alle fag der det er relevant.

Nye læreplanar krev ny kompetanse hos lærarane. Det er også eit krav om ny kompetanse som eit resultat av endringar i Opplæringslova § 9A som seier at «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». Dette har vore i fokus hos oss i heile 2018. Lom kommune er i den forbindelse med i den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage og skulemiljø». Dette arbeidet vil vi halde fram med dei neste åra. Vi har arbeidd med bevisstgjerjing av alle tilsette, og inn mot elevar og føresette i møte kurs og diverse samarbeidsorgan. Det er også eigne ressurspersonar på området. Lom ungdomsskule skal utarbeide sin eigen plan der vårt fokusområde er relasjonskompetanse. I starten av denne satsinga har vi leigd inn eksterne foredragshaldarar, som er blant dei beste i Noreg. Det har også vore tre lærarar som har teke vidareutdanning i 2018 i faga norsk og mat og helse. Skulen har i fleire år vore med i skuleutviklingsprosjektet «Ungdomstrinn i Utvikling». Der har vi fokusert på skriving og forma på undervegsvurdering og attendemeldingar. I 2018 vart fokus på varierte arbeidsmåtar for å auke motivasjon hjå elevane.

## Fakta

Økonomien i 2018 gjekk med eit stort overskot, da den betalte pensjonspremien vart 270 000 lågare enn budsjettet. Det vart også mindre bruk av assistentar og færre timar spesialundervisning enn det som låg i budsjettet.



Lom ungdomsskule skal vera ein god stad å vera.

«Skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.»

«Elevens beste skal alltid være et grunnleggende hensyn.»

Dette er henta frå overordnet del i Kunnskapsløftet og Opplæringsloven, men det er også det som vi arbeider etter på skulen hjå oss.



Vår 2018	93	14	4
Haut 2018	90	13	3

Elevundersøkinga viser at elevane er svært fornøgde med skulen. Resultata ligg over landsgjennomsnittet på alle område. Det er også gledeleg å sjå fullføringsgrad etter fyrste år i vidaregåande. Ingen av våre elevar har slutta dei siste seks åra.

Skulen har mange tradisjonar som vi er stolte av. Det gjeld mellom anna aktivitetar i form av alternative skuledagar som er med på å skape eit gagns menneske ut av kvar elev, men som også gjev godt fagleg læringsutbytte. Vi har bondebryllaup, lyrikkveld, julekonsert i Utgard, juleverkstad og juleball, tur til Årdal, Bjørnsund og Oslo, aktivitetsdagar med orientering, bandy, friidrett og ski, forutan besøk til Eidefoss, Energisenteret og Trafikksikkerhetssenteret. Brannvesenet og politiet har vore på besøk på skulen. Skulane i Lom har eit tettare samarbeid enn før. Dette har vorte vedteke i kvalitetsmeldingar tidlegare, og vi ser gevinsten av eit nært samarbeid. Vi er i gang med faggrupper på tvers av skulane, noko som er godt motteke av lærarane.

I tillegg fekk skulen høgare inntekter i form av tilskot for fleire flyktningar og for lærarar som tok utdanning enn det vi hadde rekna med.

# Mål for framtida

Ein kan aldri seie at nå er det psykososiale miljøet godt nok. Dette er noko ein må arbeide med heile tida. Eit mobbefritt samfunn er nesten utopisk, men vi skal følgje med og reagere raskt når noko blir oppdaga.

Målet vårt er å

- Arbeide mot en meir praktisk og variert undervisning
- Arbeide for ei felles forståing og praktisering av regelverk
- Leggje til rette for at skulen skal vera rettferdig, noko som medfører at vi somme gonger må gjera forskjell på

elevar

- Sikre nok ressursar til skulen for å dekkje behov for tilpassa opplæring
- Digitalisere i tråd med kommunale planar og sentrale krav
- Vidareutdanne lærarar for å sikre korrekt formell kompetanse, for å møte Fagfornyinga og styrke kompetanse i å skape eit godt skulemiljø
- Det blir viktig å sikre skulen med eit nytt låssystem da bygningane blir brukt av mange aktørar utanfor skuletid





# Pleie og omsorg

## Kva gjer pleie og omsorg?

**Tenesteområdet yter helse - og omsorgstenester.** BEON-prinsippet\* ligg til grunn for tildeling av tenester, jf. «Omsorgsplan for Lom kommune 2011-2020» og «Kvalitetsstandardar for tildeling av tenester i pleie og omsorg, Lom kommune». Det skal vera samsvar mellom pasienten sine behov og nivået på tenestetilbodet. Til grunn for all tenestetildeling ligg individuell kartlegging og tverrfagleg vurdering. Tildelingskontoret for Lom og Skjåk utfører sakshandsaming og fattar einskildvedtak.

**Lom helseheim** skal yte heildøgns pleie og omsorg ved langtids-, korttids-, rehabiliterings- eller avlastningsopphald. Under opphaldet, får pasientane tilbod om legetilsyn, tannlegetilsyn, aktivisering og sosiale- og kulturelle arrangement. Pasientklede vert vaska ved Lom vaskeri. Institusjonen har eige kjøken som lagar næringsrik mat til pasientar i institusjon, til pasientar på bygda som har fått tildelt matombringning og til kantina på Lom helseheim. Kjøkenet har eitt og anna cateringoppdrag.

**Miljøarbeidartenestene** skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester som helsetenester i heimen, personleg

## Kva skjedde i 2018?

Tenesteområdet har vore og er framleis inne i ein omstillingsprosess der vi arbeider etter målsetjinga om å dreie frå institusjonsbasert teneste til heimebaserte tenester for å skape ei berekraftig pleie- og omsorgsteneste for framtida. Av omstillingar i 2018 er, reduksjon av seinvaktsressurs i skjerma etter budsjettvedtak desember 2017. Ressursreduksjonen er utfordrande for pasientar og tilsette. Vi har omgjort 30 % sjukepleiarstilling i institusjon til fysioterapistilling. Organisatorisk er stillinga lagt til helse og velferd, men er øyremerkd institusjon/PO. Tiltaket meiner vi vil gje fokus på aktivitet og meistring hjå pasientane/brukarane. Aktivitørressursen i institusjon vart redusert til 19 % stilling etter budsjettvedtak desember 2017. Dette gjev heilt klart eit svært redusert aktivitetstilbod til pasientane ved Lom helseheim.

### *Institusjonen*

Det har vore ledig kapasitet på plassar stort sett gjennom heile året og det har vore sal av plassar til nabokommune. Leiar institusjon og avdelingsleiar sjukeavdelingane har frå hausten hatt fødselspermisjon. Vi lyste ut etter vikar for leiar. Det kom inn ein søknad, men denne vart vurdert som ikkje kvalifisert. Oppgåvene er difor fordelt mellom fleire

assistanse, praktisk bistand og opplæring, individuell plan, omsorgsløn, støttekontakt og avlastningstiltak til personar og familiar med særleg tyngjande omsorgsarbeid. Tenesta har i tillegg ansvar for Lom Arbeidssenter som gjev arbeids- og aktivitetstilbod til menneske med ulike bistasbehov.

**Heimetenestene** (heimesjukepleia og heimehjelpene) skal bidra til at eldre og personar med funksjonssvikt kan få bu og virke i eigen heim så lenge det er fagleg forsvarleg. Heimetenestene gjev tilbod om helsehjelp og praktisk hjelp i heimen i tillegg til avlastningstilbod, dagsentertilbod for heimebuande personar med demenssjukdom, tilbod om kvardagsrehabilitering, tryggleiksalarm, multidose, multidosedispenjer og matombringning. Heimetenestene tilbyr tenester frå kreftkontakt og demenskoordinator.

**Pleie- og omsorgssektoren** har undervisning/opplæring for elevar, studentar og lærlingar som har praksis i sektoren.

\* BEON-prinsippet :Effektivitet er knytt til prinsippet om beste effektive omsorgsnivå Det mest effektive nivået skal stå for førebygging, omsorg og handsaming av sjukdom.

som ei mellombels løysing fram til leiar er attende i stillinga si. I stillinga til avdelingssjukepleiar, er det tilsett vikar. I aktivitørstillinga, er det vikar grunna sjukefråver. Ny varelevering kjøken vart ferdigstilt på haustparten. Strategien for bruken av sjukeheimen er å stramme inn nålauga for tildeling av opphald. Ut frå tabellen nedanfor, ser vi at bistasbehovet til pasientane i institusjonen er omfattande. Dette er i trå med målsetjinga. Det vart gjennomført branntilsyn i 2018.

### *Heimesjukepleia*

Leiar var attende frå fødselspermisjon frå august. Det har vore høgt fokus på fag og bruk av multidosedispenjerar. Tenesta har teke i bruk køyrelister og mobil omsorg og det har vore stort fokus på samheng mellom einskildvedtak og tidsbruk. IPLOS-sumrapportar viser at ein er på rett veg i høve til å få tyngre brukarar i heimesjukepleia. Strategien for heimesjukepleia er å få fleire pasientar med middels/stort og omfattande bistasbehov til å vere heime og redusere gruppa med noe/avgrensa bistasbehov. Slik vi vurderer det er vi med små steg på rett veg. Ut frå tala for 2017, har talet på brukarar i alt gått ned frå 134 til 114 i 2018..

### **Kvardagsrehabilitering**

Kvardagsrehabilitering hadde frå januar til juni i 2018 fullt drift kvar tysdag. I denne perioden, var det 6 brukarar som takka ja til kvardagsrehabilitering. Jorun Sperstad Fjeld slutta som koordinator i 20% stilling for kvardagsrehabilitering i juni. Kvardagsrehabilitering starta ikkje opp at før i oktober. Sivert Jonassen var da tilsett som ny koordinator for kvardagsrehabilitering i 20% stilling. Kvardagsrehabilitering har hatt brukarar samanhengande i alle månader bortsett frå juli, august og september.

### **Dagsenter for heimebuande personar med demenssjukdom**

I dagsenter for heimebuande personar med demenssjukdom har det i 2018 gjennomsnittleg vore 7 brukarar som har hatt vedtak på plass tysdagane og 6 brukarar torsdagar. Det har vore noko variasjon gjennom året. To brukarar har vedtak som avlastning. Det har vore stor aktivitet gjennom året. Det har vore drive hagearbeid, kokking/ baking, monteringsarbeid og aktivitetar elles. Det har vore gjennomført turar både i nærområdet og bilturar til ulike stader i eigen kommune og nabokommunane. Dagsenteret besøkte m.a. landsfestivalen, countryfestivalen, såg på reinslaktinga på Grønhøa og besøkte Glittersjøa.

### **Demenskoordinator**

Det er omlag 13 personar/ brukarar som har diagnosen demens som har fått oppfølging 6. kvar månad. Demenskoordinator har da vore på heimebesøk to gonger dette året og har hatt pårørande samtale i heimen eller over telefonen/på kontoret i pensjonatet to gonger dette året. Demenskoordinator har hatt alle pårørandesamtalene og dei fleste heimebesøka. Medarbeidarar i heimesjukepleia har utført testar/ heimebesøk hjå eit par brukarar Demenskoordinator har hatt samtale/møter med nokre pårørande oftare enn kvar 6. mnd. Nokre brukarar har fått tildelt langtidsopphald institusjon i løpet av året. Demenskoordinator har vore på 5-6 heimebesøk for fyrstegongs utgreiing og samtale med pårørande. Demenskoordinator har vore på heimebesøk gjeldande testing i samband med førarkortattest hjå om lag 6 personar. Demenskoordinator har utarbeidd brosjyre om demenskoordinator tenesta/-funksjonen, delteke på heimebesøk saman med tildelingskontoret og har delteke i vurderingsmøte. Demenskoordinator har dialog med legane via elektronisk meldingsutveksling. Demenskoordinator har delteke på eitt møte på Otta saman

med demenskoordinatorar i 6 K og hatt undervisning om demens og miljøtiltak på fagmøte i miljøarbeidartenesta.

### **Kreftkoordinator**

Kreftkoordinator har arbeidd med oppdatering av prosedyrar og laga informasjonsfaldar om tenesta. Kommunal kreftkoordinator har hatt 4 etterlattesamtalar, hatt tett oppfølging med kreftpasientar før, under og etter behandling og har mykje av ansvaret for å leggje til rette for terminalpleie i heimen, som i 2018 gjaldt 4 personar. Kreftkoordinator har hatt oppfølging av pårørande. Kreftkoordinator har delteke på nettverksamlingar med Vågå og Sel - siste tida samling fyrste onsdag/mnd, og delteke på Landskonferansen i palliasjon i Bodø. Kommunal kreftkoordinator legg til rette for undervisning via videokonferanse for pleie og omsorg.

### **Miljøarbeidartenesta**

Det vart gjennomført arbeidsfordeling mellom avdelingsvernepleiarane og po-sjef i leiar sitt sjukefråver i delar av året. Einskildvedtak har utløyst ressursbehov som har krevd meir personell. Det har vore samarbeid med spesialisthelsetenesta om fagleg rettleiing i einskildsaker. Aldersutvikling gjer at det er andre utfordringar no enn tidlegare. Det er stort press på tenesta. Tenesta planlegg oppstart av langvakter i turnus. Det har vore vesentleg auke i avvik som omhandlar vald og truslar. Det har vore gjeve rettleiing frå bedriftshelsetenesta i samband med dette. Miljøarbeidartenesta deltek i eit pilotprosjekt -OMHU- som er ei plattform for fag og kommunikasjon på APP. OMHU er betre tilrettelagt for miljøarbeidartenesta enn profil; meir spissa mot målgruppa og vil gjeva tenestemottakar større medverknad og betre rettar jf. GDPR. Tenesta har hatt fokus på å bruke velferdsteknologi. Velferdsteknologi som GPS og dørsensorar, krev tvangsvedtak. Dette er arbeidskrevjande prosessar. Tenesta har ikkje ledig omsorgsbustad. Etter omlegging av bustøtteordninga, er det einskilde brukarar som slit økonomisk på grunn av store utgifter som følgje av sjukdom.

### Tenestemottakarar fordelt etter bistandsbehov pr. 31.12.2018 ved Lom helseheim

	Noko/avgrensa	Middels/Stort	Omfattande	Ikkje oppgjeve	Totalt
TOTALT	0	1	2	25	28

### Tenestemottakarar fordelt etter bistandsbehov pr. 31.12.2018 i heimetenesta (heimesjukepleie og praktisk bistand)

	Noko/avgrensa	Middels/Stort	Omfattande	Ikkje oppgjeve	Totalt
TOTALT	2	51	44	13	110

## Sjukefråver

Januar	6.2 %
Februar	8 %
Mars	8 %
April	6.6%
Mai	6,9%
Juni	8,9%
Juli	7,3%
August	7,7%
September	6,8%
Oktober	8,1%
November	9,1%
Desember	8,9%

For pleie- og omsorgstenesta er det totale sjukefråveret i 2018 vore 7,7 % som er høgare målet på 5,6 %.

Faktorar som har påverka sjukefråveret dette året er høgt tal på gravide (Hurra!) tilsette og planlagd medisinsk behandling hjå andre tilsette.



## Pårørandeundersøking

Det var gjennomført pårørandeundersøking ved institusjonen i 2018 der svarprosenten var på 26 %; 7 svar av 27 forventa svar.

Gjennomsnittleg tilfredsheit pr. dimensjon fordeler seg slik du ser her:

Indikator	SNITT		
	PO Lom	Lom	Landet
Resultat for bebuaren	4,3	4,3	4,4
Trivsel	4,8	4,8	4,8
Brukarmedverknad	3,5	3,5	4,2
Respektfull behandling	4,6	4,6	5,1
Tilgjengelegheit	4,7	4,7	4,7
Informasjon	4,1	4,1	4,4
Heilskapsvurdering	4,0	4,0	4,6
Snitt totalt	4,3	4,3	4,6

## Tildelte tenester i 2018

Institusjon

- 25 Avlastningsopphald (11/2017)
- 43 Korttidsopphald (54/2017)
- 6 Akuttinnleggingar frå legevakt (1/2017)
- 11 Korttidsopphald LMS (10/2017)
- 9 Rehabiliteringsopphald (6/2017)
- 36 Langtidsopphald (32/2017)

Fordeling av liggedøgn NGLMS:

- 18 Intermediærsenger LMS
- 7 Øyeblikkeleg hjelp – KAD senger LMS

Tildelingskontoret har handsama 427 saker for Lom i 2018.

## Liggedøgnstatistikk Lom helseheim 01.01.2018-31.12.2018:

Avdeling	Sengepostar	Liggedøgnskapasitet	Tal liggedøgn	Belegg (%)	Ledig(%)
Avdeling 2	8	2920	1246	42,67	57,33
Avdeling 1	9	3285	3208	97,66	2,34
Skjerma avdeling	9	3285	3050	92,85	7,15
Avdeling 4	8	2920	2718	93,08	6,92
NGLMS	1	365	162	44,38	55,62
<b>Totalt for utvalet</b>	<b>35</b>	<b>12775</b>	<b>10384</b>	<b>81,28</b>	<b>18,72</b>

# Økonomi

Sett heile tenesteområdet under eitt er det ei innsparing på kr. 278 000 i 2018. Dette, trass i at vi kutta budsjettet midt i året med om lag kr. 519 000. Spesielt for 2018 er at det har vore fleire gravide tilsette. Dette har ført til høgare refusjonsinntekter. Ledig kapasitet i institusjonsplassar har redusert driftsutgifter som til dømes utgifter til vaskeritjenester, kjøken, medisin og

medisinsk forbruksmateriell. Vi har også fått inntekter grunna sal av institusjonsplassar til nabokommune. For miljøarbeidartenesta har einskildvedtak ført til behov for fleire ressursar. Dette har ført til auka utgift i tenesta; høgare bruk av overtid. Samstundes har tilskott ressurskrevjande tenester auka i høve til det som var budsjettert.

## Mål for framtida

Vi vil framleis ha høgt fokus på omstillingsprosessen vi starta opp med i 2015 for å kunne bli mest mogleg rusta til dei store utfordringane som kjem etter 2020 med auka tal eldre og hjelpetrengande.

Jf. økonomiplanen 2018-2021 er det planlagt ombygging/tilbygg Lom helseheim med nye omsorgsbustadar til eldre med moglegheit for heildøgns omsorg i 2020.

Dette er tiltak for å møte framtidige utfordringar og å gjere drifta ressurseffektiv. Bygging av omsorgsbustader for miljøarbeidartenesta er utsett på ubestemt tid, jf. budsjettvedtak av desember 2018. Dette er sers utfordrande i høve komande behov.

Budsjettvedtak av desember 2018 tilseier at institusjonen skal redusere nattevaksressursen. For å få til det, må byggeplanane forserast. Korttidsavdelinga, avdeling 2, skal så fort det let seg gjere ombyggjast til skjerma avdeling. Korttidsavdelinga blir flytta til nedlagt avdeling. Det

må monterast branntavle i miljøarbeidartenesta grunna reduksjon av nattevaktressurs i institusjon. Det er eit ynskje om å samle avdelingane i institusjonen på eitt plan. Det trur vi vil kunne gje meir fleksibel bruk av personalet og bidra til eit betre arbeidsmiljø. Vi vil gjennomføre ei evaluering på dette til hausten og ta ei endeleg avgjer på om alle avdelingane skal vere på eitt plan eller om «gamle» skjerma skal takast i bruk til sjukeavdeling.

Rekruttering til vikariat og ledige stillingar er utfordrande og gjev bekymring.

Vi vil halde fram med å ha stort fokus på primæroppgaver og å halde god kvalitet på tenestene våre gjennom kompetanseheving, fokus på internkontroll og HMS og god budsjettstyring. Dette er utfordrande i høve til leiarressursane.

## Kva gjer miljø, teknisk, næring?

MTN (Miljø, teknisk, næring) har ansvar for planarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, tekniske tenester innan veg, vatn, avlaup og renovasjon, vaktmeisterteneste, reinhald, byggesakshandsaming, kart- og geodataforvaltning, generell beredskap og førebygging mot naturskade og ulykker. Tenestområdet Miljø, teknisk, næring er prega av eit godt tverrfagleg samarbeid. Dei ulike fagområda og tenestene innanfor området har til saman ei fagleg breidde som gjer det mogleg å oppfylle målsettingane om eit godt tenestetilbod knytt til ressursforvaltning i ein liten kommune.

Lom kommune har tre faste tilsette som jobbar med næringsutvikling, to personar på landbruk i 50%-stilling og ein næringssjef / landsbykoordinator i 100%-stilling. Utover dei faste tilsette har Lom kommune inngått ei avtale med Vågå kommune om tenestekjøp på landbruk. I tillegg har Vågå, Skjåk og Lom felles skogbrukssjef. Stillinga som kommunalsjef på MNT er framleis vakant, administrasjonssjef Ola Helstad har hatt leiaransvaret for MTN sidan 2015

## 421 Kommunalteknikk/VA

### Drift:

Drift og vedlikehald av kommunale vegar i 2018 har eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr 168 000,. Dette skuldast i hovudsak at budsjetttramme ikkje har vore auka på mange år og dermed ikkje følgjer med prisregulering i kontrakt med entreprenør. Dersom standard på drift og vedlikehald ikkje blir redusert vil det enkelte år bli meirforbruk som følgje av hendingar og omfang med vinterdrift.

Flommen i oktober 2018 som truleg var ca. 200 – års flom (Bøvra og Ottaelva) viste at vatn og avløpsanlegg i all hovudsak er plassert og dimensjonert slik at de klarer seg godt i forhold til dette.

### Investeringar- utbygging:

Garmo reinseanlegg er ferdigstilt og satt i ordinær drift i mars 2018. Anlegget viser gjennom prøvedrift periode

stabile og gode reinseresultat, samt godt arbeidsmiljø for driftspersonell.

Brubakken med tiltak for økt trafikksikkerhet DEL 1 frå kryss Lykkjavegen til Loar barnehage er ferdigstilt. Eksterne FTU midlar som er utbetalt er betydeleg over det som er gjeve i tilsagn brev.

Brubakken DEL 2 skal utføres i 2019. Her er det nå gitt tilsagn om FTU midlar på ca. 50% av anleggskostnad. Legging av asfalt på kommunale vegar er utført med hele omfanget i dekkeprogram som er vedteke av formannskapet. Ved Hamrom vassverk er det boret ny grunnvann brunn i fjell som har god kapasitet.

Sikringstiltak Ulstad blir utført i regi av NVE. NVE har varsla om betydeleg kostnadsauke etter kommunevedtak og at en mindre del av dette kan bli belasta kommunen. Dette er under oppfølging.

## 422 Kommunale bygg

### Kommunale bygg, investeringar:

I investeringsbudsjettet var det planlagt ei oppgradering av det elektriske anlegget i eine bustaddelen i Gammelbanken. Dette vart ikkje gjennomført. Så lenge bruken av bygget er uavklara, valde ein å ikkje bruke midlar på dette.

Det vart gjort vedtak om gjennomføring av ENØK-tiltak i kommunestyremøtet 21/6-2018, sak 27. Frå august 2018 slutta avd.ingeniør bygg som var ansvarleg for dette tiltaket. Dette saman med at stillinga var vakant ei periode, gjorde at dette ikkje vart gjennomført. Ny avd.ingeniør vil arbeide vidare med ENØK-tiltak i 2019.

### Kommunale bygg, drift:

Bruken av internkontrollsystemet IK Bygg, vart utvida i 2018. Dette vil vera til god hjelp innan drift, vedlikehald og ikkje minst ved brannvernarbeid.

Det er gjennomført tilsyn ved fleire av dei kommunale bygga. Både innan brannvern og på EL-anlegg, leikeplassutstyr ved skule og barnehagar, m.m.

### Mål for framtida

- Eit aukande vedlikehaldsetterslep gjev eit stort behov for kommande investeringar og rehabiliteringar av den kommunale bygningsmassa.
- Det skal arbeidast med å utvikle bruken av int internkontrollsystemet IK Bygg i 2019 på fleire områder.

# 423

Det ser ut som det har vore store avvik på kurs- og konferansefronten i 2018 men dette er gjort gjennom den regionale stillinga og har refusjonar for dette har kome inn att.

## 424 Byggesak

### Byggesak:

Talet på mottekne og handsama søknadar har auke i forhold til førre år. Spørsmål og veiledning i samband med førebuing av tiltak er aukande, samt for tiltak som er unnateke byggesakshandsaming. Melding av tiltak som er unnateke byggesakshandsaming som grunnlag for oppdatering av kart- og matrikkeldata har auka i 2018.

Omfang av byggesøknadar er på 124 sakar, av desse er det 48 eitt trinn søknadar og 2 rammesøknadar. For omfang av byggesakar er alle søknadstypar medrekna. Dette er ei auke på 21 i forhold til førre år. Det er i 2018 gjeve løyve til oppføring av 3 bustadhus.

### Gateljos:

Prosjekt Gateljosplan 2018 oppgradering, utskifting og nyanlegg gateljos langs med kommunale vegar er gjennomført, her er det montert opp nye energivennlege ljuskjelder med LED belysning.

## 430 Plan og miljø

Øyvind Pedersen vart tilsett som ny planleggar frå 1. oktober 2018. Han vidarefører m.a. arbeidet med revisjon av kommuneplanens arealdel.

Det har blitt arbeidd vidare med endringar i forslaget til kommunedelplan for Fossbergom etter motsegner frå regionale og statlege planmyndigheiter som kom inn ved andre gongs høyring hausten 2017. Tredje gongs høyring er planlagt våren 2019.

Reguleringsplan for Brubakken vart vedteken 12. april 2018, og arbeidet med fase 1 i trafikkisikringstiltak for Brubakken vart gjennomført sommaren/ hausten 2018.

1 forslag til privat reguleringsplan vart behandla og godkjent i 2018.

Ny trafikkisikringsplan for Lom vart vedteken i 2017, handlingsplanen vart revidert i 2018, og 22. november 2018 vart Lom kommune godkjent som Trafikkisikker kommune!

Norges Geotekniske Institutt (NGI) har på oppdrag frå NVE utført skredfarekartlegging for deler av kommunen, m.a. Nedre Bøverdalen, Øvergrend og strekninga Vikedalane - Skjåk. Kommunen mottok ferdig skredfarerapport i oktober 2018.

Rapporten viser at fleire eksisterande bustadhus ligg i område som ikkje tilfredstiller kravet til skredsikker byggegrunn etter dagens lovverk. Det blir arbeidd vidare

Det er høge inntekter i år, da det har vore mykje arbeid i geodatasamarbeidet.

Når det gjeld 3003/1300 har denne vore låg i 2018 da eit stort geovekstprosjekt vart ferdigstilla i 2017.

Gjennomføring av Gateljosplan 2019 oppgradering, utskifting og nyanlegg gateljos, vidareføring av Gateljosplan 2018.

Oppstart 2019

### Miljøstasjon:

For å betre forholda for både besøkjande og tilsette på Lom miljøstasjon er det gjennomført asfaltering av område for mottak av hageavfall.

### Renovasjon:

Lom kommune har investert i 13 nye konteinarar for restavfall frå hytte, fritidshus og sætrer samt 5 nye konteinarar som returpunkt for papir og papp.

Konteinarar for restavfall frå hytte, fritidshus og sætrer er ei oppgradering medan konteinarar som returpunkt for papir og papp er eit nytt tilbod sett i verk i 2018

med denne problemstillinga, i første omgang for bygg som ligg i dei mest skredutsette områda

Det har i løpet av 2018 blitt arbeidd med å etablere eit felleskontor for plan, byggesak og miljø for Lom og Skjåk. Kommunestyret i Lom vedtok 30. oktober 2018 vertskommune-samarbeid med Skjåk, med Lom som vertskommune for det nye felleskontoret. Skjåk kommune gjorde same vedtak 20. desember 2018. Nytt felleskontor for plan, byggesak og miljø blir formelt etablert frå 1. mars 2019.

### Statistikk/KOSTRA

- Søknadar om dispensasjon for motorferdsel i utmark: 12 stk.
- Søknader om dispensasjon frå arealplan: 14 stk.

### Mål for framtida

- Endeleg politisk behandlinga av kommunedelplanen for Fossbergom etter 3. gongs offentlig ettersyn våren 2019
- Fullføre revisjon av kommunedelplan for klima og energi i 2019
- Ferdigstille trafikkisikringstiltak i Brubakken i løpet av 2019



# Helse og velferd

## Kva gjer helse og velferd?

### Etter helse- og omsorgsloven:

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne (Jfr. helse- og omsorgsloven § 3-1).

### Etter Folkehelseloven:

Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivnad, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemedlar kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting. Kommunen skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivareteke av andre myndigheiter og verksemder. Medverknad skal skje blant anna gjennom råd, uttaler, samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal leggje til rette for samarbeid med friviljug sektor (Jfr. Folkehelseloven § 4).

### Det er etablert følgjande tenester i Lom kommune for å ivareta desse oppgåvene/ansvaret:

Legeteneste, legevakt (regional med base på NGLMS, Otta), helsestasjon både for barn og ungdom/skulehelseteneste i grunnskulen og vidaregåande skule, svangerskapsomsorg/jordmor , jordmorvakt (regional med base på NGLMS, Otta), fysioterapi- og ergoterapitenester, psykisk helseteneste (felles med Skjåk), frisklivsentral (i stor grad vakant i 2017 og ikkje vidareført i 2018), regional ruskoordinator (ikkje i funksjon i 2018 etter at stillingsinnnehavar slutta – ressursen blir nytta i samband med prosjekt for å etablere FACT-team i regionen. FACT står for Flexible Assertive Community Treatment og kan oversetjast til fleksibel aktiv oppsøkjande behandling/eit ambulansetjenestetilbod retta mot personar med psykoselidingar). Flyktningtenesta ligg også under helse- og velferd. Skjåk kommune er vertskommune for barnevern og Nav, men budsjettmessig ligg desse tenestene under helse- og velferd.

## Kva skjedde i 2018?

### Årsmelding legetenesta:

Legedekninga var god også i 2018 og fastlegane dekkjer alle legefunksjonane i kommunen.

Ein av legane gjekk ut i 1 års permisjon den 01.09.2018 for å fullføre spesialiseringa si innan allmenntidlegare. Når ho er ferdig hausten 2019 er alle dei faste legane i Lom spesialistar i allmenntidlegare. Det er svært bra for innbyggjarane i Lom! Det kom også inn ein solid vikar for ho som er ute i permisjon – ein lege som var turnuslege her i 2011 fekk vikariatet. Lom kommune er også så heldige å ha ein pensjonert tidlegare kommunelege i bygda som er inne som vikar når det trengs – både ved kurs og i ferieavviklinga om sommaren. Han fungerer også som kommunelege 1 det året den faste er ute i permisjon. Dette er gull verdt da det i mange kommunar ikkje alltid er like enkelt å rekruttere inn korkje nye fastlegar eller vikarar. I Lom har dette ikkje vore problematisk på mange år.

På sekretærsida merkar ein at det blir auka arbeidsmengde både med telefonar/skranke og på laboratoriet. Pasientane blir tidlegare utskrive frå sjukehus og utfordringa på

helsetenestane blir difor større. Det blir såleis opplevd som positivt at sekretærressursen blir auka med 20% frå 01.01.2019.

### Årsmelding 2018 Lom Helsestasjon

- Fødselstalet var på 16 fødslar + 1 tilflytta. 1 barn flytta i desember 2018.
- Gjev tilbod om fyrstehjelpskurs til alle foreldre med nyfødte barn, innleid kursleiar som arbeider i ambulansetjenesta.
- Tilbod om Babysong for alder 2 – 8 mnd. 1 gong i året, samarbeid med Skjåk helsestasjon, Skjåk kulturskule og Lom Friviljugsentral.
- Båe helsesystemene vart sertifiserte ICDP rettleiarar i 2018, eit foreldreveiledningsprogram som vi nyttar m.a i gruppeveiledning til flykningar med barn.
- Skulehelsetenesta (i alle steg) har pågang i oppfølging av barn og unge med psykiske utfordringar. Tenesta sit ofte med utfordrande saker som vi treng veiledning på frå 2. linjetenesta/ BUP.

- BUP (Barne- og Ungdomspsykiatrien) sende vår 2018 brev til kommunane i 6 K med beskjed om at BUP har bestemt å ta ei pause frå samarbeidsmøte. Helsesystem og jordmørgruppa i 6 K har reagert sterkt på at samarbeidsmøta ikkje blir prioritert vidare og at det blir pause av tilbodet før nye samarbeidsrutiner er på plass. Gruppa i 6 K har i felles e-post til 6 K Helse retta ynskje om å fylgje opp saka. Vidare dialog i saka er inn i 2019 framleis i prosess.
- Nytt elektronisk fagjournal system Infodoc Plenario har ført til meirarbeid for tenesta. Det er oppdaga konverteringsvanskar der m.a tidlegare vaksinar ikkje er konvertert over og sendt til sentralt vaksinerregister. Statistisk har det ført til feil tal/ lågare grad av vaksinasjonsdekning, tenesta måtte bruke ekstra tid på opprydding. Positivt ved nytt fagsystem er elektronisk korrespondanse mellom m.a Sjukehuset Innlandet og helse.
- Budsjett- prosess haust 2018: Tenesta har peikt på behovet for fleire ressursar, men fekk ikkje tildelt midlar slik regjeringa sitt forslag til prioriteringar i statsbudsjettet var - «Overføring og tilskudd til helsestasjons- og skulehelsetjenesten i kommunene videreføres på samme nivå som i 2018, men er prisjustert til 2019- nivå.» For Lom kommune utgjorde dette kr. 354 000,- men da som ein del av dei frie inntektene.
- Aldersfordeling: 0-19 år: 11,5%. 20-69år: 69%. 70-100år: 19,5%.
- Gruppebehandling: Rygg-gruppe, bassenggruppe i samarbeid med Skjåk, grovmotorisk gruppe for barneskulen og stolgruppe for pasientar på institusjon.
- Hausten 2018 vart det oppretta ei stilling tilknytt Pleie og omsorg. Stillinga er oppdelt i 20% tilknytt kvardagsrehabilitering og 30% tilknytt institusjon og heimetenesta.
- Auke i ressurs frå hausten 2018 som gjer tenesta betre i stand til å møte brukargruppa. Vi erfarer at ventetida på behandling har gått ned ved utgangen av året og er pr. no på eit akseptabelt nivå.
- Det er ikkje lengre behov for henvisning frå lege, noko som bidreg til at behandling kan koma fortare i gang og truleg kan verke positivt inn på lengda av sjukmelding ved muskel-skjelett tilstandar.
- Auka kompetansebehov, jfr. samhandlingsreform og overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta til kommunane.
- Førbyggjande tiltak: Informasjon til barselgrupper, 4 månadskontroll og 4 årstest av alle ungar.
- Frisklivssentral sett vakant i heile 2018.

#### **Ergoterapi:**

- Ergoterapeuten vår sa opp stillinga si hausten 2018. Etter dette oppretta ei avtale om kjøp av teneste frå Skjåk kommune.
- Frå november 2018: frå 100% til 50% stilling.
- Arbeidsoppgåver består i hovudsak av kartlegging og tilrettelegging for eit aktivt liv for brukarar, hjelpemiddelhandsaming, kvardagsrehabilitering og syns-/hørselskontakt.

#### **Årsmelding flyktingtenesta:**

2018 vart eit ufordrande år i tenesta – dei høge busetjingstala i 2015 og 2016 (26 kvart år - ordinære busetjingar og familiegjenforeinte) fekk ringverknader også i 2017. Stort arbeidspress og store utfordringar i tenesta dei siste par åra førte til langtidssjukemelding frå september-17 og ut heilt året 2018. Ein kabal med delvis sjukevikarar og noko kjøpt av teneste frå Vågå har ikkje vore den optimale løysinga, men det var det beste vi fekk til i store delar av 2018. Frå seinhaust 2018 vart det ei betre og meir stabil ordning med 2 faste vikarar. Dei to siste flyktingane av kvota på 10 for 2017 vart busett i juni-2018. Det vart ikkje busett fleire i 2018. Kommunen fekk heller ingen anmodning om busetjing i 2018 og har heller ikkje fått det for 2019.

Ein opplever at fleire og fleire flyttar ut av kommunen etter at dei er ferdige med introduksjonsprogrammet. Pr. 31.12.2017 budde det i alt 75 flyktingar i Lom . Pr. 31.12.2018 budde det i alt 60 flyktingar i Lom. 24 av desse deltek i introduksjonsprogrammet ved å delta i vaksenopplæringa/ grunnskule/praksis. Positivt at mange av flyktingane fekk sommarjobb i Lom i 2018.

#### **Prosjektmidlar:**

- Innvilga søknad om prosjektmidlar frå Helsedirektoratet til styrking av helsesystemstilling med 20 % i vidaregåande skule, vart etter søknad forlenga til å gjelde ut 06.2018.
- Innvilga søknad om prosjektmidlar frå Helsedirektoratet til styrking av helsesystemstilling med 50 % i helsestasjon- og skulehelsetenesta. Søkt om forlenging av midlane til 30 % helsesystemstilling til 04.2019. Prosjektmidlar har gjort at tenesta kan vera meire tilgjengeleg for brukarane på alle nivå, og tenesta har meire ressursar til å fylgje opp brukarane. Utvida tilbod om COS-P grupper – eit førebyggjande foreldreveiledningsprogram. Utvida tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule. Prosjekt gjeld for ei tidsavgrensa periode, noko som gjer det vanskeleg for tenesta å planlegge vidareføring av gode eksisterande tiltak.
- Leiande helsesystem permisjon frå stillinga på NG vgs avd. Lom (17%) for å dekke opp tildelte % i prosjekt. Det har vore tilsett vikar på vgs frå oktober 2018.
- Felles prosedyrar/ Internkontroll og kvalitetssikring helsestasjon- og skulehelsetenesta og jordmortenesta i 6 K, blir revidert x 1 i året (nov./ des.).

#### **Årsmelding fysioterapi-/ ergoterapitenesta 2018**

##### **Fysioterapi:**

- Tenesta har hatt oppfølging av 262 pasientar, 58% kvinner og 42% menn.

Det siste året har ein opplevd at det har vore lettare å få avtale om språkpraksisplassar/arbeidspraksisplassar – spesielt når flyktingtenesta/vaksenopplæringa kan følgje opp deltakarar ute på arbeidsplassen.

I april 2018 vart det gjennomført Landinformasjonsseminar om Syria i Lom i regi av IOM (International Organisation of Immigration). Der deltok det 27 fagpersonar frå skule/ barnehage/helse/flyktingteneste frå kommunane Skjåk, Vågå og Lom.

Det vart i mai-2018 arrangert fleirkulturell kveld på ungdomsskulen – eit samarbeid mellom vaksenopplæringa/ flyktingtenesta/friviljugsentralen og flyktingane sjølve. Der laga flyktingane mat frå sine respektive land og nokre av flyktingane fortalde sin historie - om seg og sitt land, sin kultur, sin flukt og reisa til Noreg. Det vart også kulturelle bidrag gjennom song og musikk. Deltakinga både av flyktingar og av etniske lomværer var gledeleg stor – ca.120 frammøtte. I løpet av kvelden vart det knytta gode vennskapsband mellom flyktingar og lomværer som varer den dag i dag.

Samarbeidet mellom flyktingtenesta/vaksenopplæringa og Friviljugsentralen har vore godt i fleire år og det utviklar seg stadig med nye tilbod. Det siste nye nå er «Bra Mat-kurs» for einslege unge menn.

Etter initiativ frå Skjåk kommune vart det i oktober 2018 starta utgreiing av eit framtidig samarbeid/felles tenester på flykting- og vaksenopplæringsområdet mellom Lom og Skjåk kommune. Vågå var også invitert med, men takka nei i fyrste omgang, med signal om at det kunne bli aktuelt seinare. Det vart nedsett ei arbeidsgruppe som skal leggje fram ein rapport/konklusjon til oppdragsgjevarane – rådmannen i Skjåk og administrasjonssjefen i Lom.

### **Årsmelding barneverntenesta.**

Barnevern har 4 stillingsheimlar, der 3,75 stillingar er sakshandsamarar og 0,25 miljøarbeidar. I 2018 har 0,75 stilling vore halden vakant sidan juli, og 1 stilling frå november. Sistnemnde grunna påvente av samanslåing med Sel og Vågå. Det har vore utfordringar internt i tenesta, primært knytt til leiarfunksjonen. Dette har påverka arbeidsmiljøet i stor grad, og har vore krevjande for dei tilsette å stå i. Ved utgangen av 2018 var det to tilsette i tenesta, samt miljøarbeider.

Vi fekk 38 meldingar i løpet av året, og det har ikkje vore fristbrot.

I tillegg til redusert bemanning, har vi arbeidd fram og kome i gang med felles beredskapsvakt i lag med dei 4 andre kommunane i Nord-Gudbrandsdalen. Lom og Skjåk og Sel og Vågå hadde felles beredskapsvakt denne sommaren. Det var særst få som kontakta beredskapsvakta, og på bakgrunn

av dette, vart det avgjort at beredskapen frå 2019 vert med ei vakt, og at politi vert med ved behov.

Det vart sett i gang ein prosess om samanslåing med Sel og Vågå barnevernteneste, og både kommunestyra fatta vedtak om felles barnevernteneste.

### **NAV Lom og Skjåk**

Dei overordna føringane for NAV i 2018 var Fleire i arbeid, Betre brukarmøter og Økt kompetanse:

- Auke inkludering av utsatte grupper på arbeidsmarkedet
- Måltrettet samhandling og kompetansebygging for å tilby bedre tjenester til arbeidsgjevarar
- Bidra til betre brukaropplevingar
- Bidra til økt kompetanse

Situasjon på arbeidsmarknaden i Lom kommune har vore stabilt siste åra og det var ingen endring av arbeidsledige i 2018. Fortsett lavt.

NAV-kontoret har i 2018 delteke på ulike arenaer som frokostmøter, jobbmesser ect. saman med næringslivet i Lom. Dette ynskjer vi å fortsette med i 2019

NAV har intensivert oppfølgingen av sjukmeldte i 2017 i form av vurdering av aktivitetskrav ved 100 % sjukmelding på 8 vekers tidspunktet og gjennomført Dialog – møter før det har gått 26 veker av sjukeforløpet. Dette held fram i 2018.

Dette har resultert til at ein større del har gått over til gradert sjukemelding tidlegare og at sjukemeldte har kome tidlegare inn att i arbeidet sitt.

Utbetalingar av sosialstønad har hatt ei auke 2018 samanlikna med 2016 og 2017.

NAV Lom og Skjåk fekk tilsett ny leiar i november 2018. Leiarstillinga har vore tilsett med vikar frå mai 2017.

# Mål for framtida

Sjølvt om det i løpet av 2018 var positiv utvikling – m.a. at fysioterapien endeleg kom på Norsk Helsenett og helsestasjonen på facebook, har dei fleste tenestane i helse- og velferd enda store effektiviserings- og

innsparingspotensialar innafor digitalisering. Digitaliseringsprosessen som er i gang er forventet å gjera noko med det.

## Kommentar til avvik i 2018

### Ansvar 600:

Legeteneste - ca. 1.250.000 meirforbruk over budsjett: Ca. 420.000 av dette er etterbetaling av Helfø-refusjonar for turnuslegar til avtalelegane/fastlegane for åra 2016/2017 og 2018. Ca. 120.000 er etterbetalt for beredskap dagtid for 2016. Alt dette er avslutning av ei tvistesak med fastlegane. Det har også vore meirutgifter i høve budsjett på fastløn - dette på grunn av fastløna lege dei siste 4 månadane i 2018, samt vikarutgifter på sekretærsida pga fråvær. I samband med fastløna lege i delar av 2018 har det også kome inn meir refusjonar enn budsjettert med.

Ei feilføring av refusjon frå staten (fastlønstilskott fysioterapi) kr 258.825 har hamna under legetenesta – skal inn under fysioterapitenesta. Sendt melding til økonomi om dette.

Ei anna feilføring som også er meldt til økonomi er ei utgift - kjøp av teneste frå Skjåk kommune kr 232.695 - ført under ansvar 600 - skal inn under ansvar 422.

Under teneste 2417 Legevakt er det eit overforbruk på ca. 122.000 i høve budsjett. Dette har si forklaring i at Frons-kommunane gjekk ut av samarbeidet om legevaktvarsling frå august-18 - medførte auka kostnader for dei andre kommunane i samarbeidet.

Under teneste 2530 - Institusjonsteneste - NGLMS, var det i 2018 ei auke i utgiftene for Lom kommune sin del (intermediærplassar og ø-hjelpsplassar) - årsaken er at Lom har nytta plassane meir dette året.

### Ansvar 610:

Marginalt meirforbruk i høve justert budsjett - ca. 37.000. Men i høve opprinneleg budsjett eit stort meirforbruk på økonomisk sosialhjelp (ca. 718.000).

Kvalifiseringsordninga - svært lite nytta i 2018. Opprinneleg budsjett på 390.000, justert ned til 190.000 i løpet av året. Endeleg forbruk berre på ca. 50.000.

### Ansvar 620:

Innsparingar i høve budsjett på nokre områder; Besøksheim/diverse tiltak i familien/fosterheim - totalt ca. 100.000. Meirforbruk på områder som Avlastning fosterheim og diverse tiltak utanfor familie. Totalt meirforbruk i høve budsjett på ca. 350.000.

### Ansvar 630:

Dei største avvika innafor ansvar 630 er;

Større utbetalningar av introduksjonsstønad gjennom året enn budsjettert. Var rekna med at fleire kom til å flytte frå kommunen etter 2 år på intro. Det har berre delvis skjedd - fleire har vorte buande og har fått godkjent 3. år på intro. Førte til auka utbetalningar.

Større utbetalningar av integreringsstøtte til kommune frå IMDI enn budsjettert. Delvis same forklaring som ovafor - rekna med at fleire kom til å flytte frå kommunen og at kommunen slik sett kom til å få mindre i integreringsstøtte. Det har berre delvis skjedd - difor større inntekt via integreringsstøtte enn budsjettert. Vart også søkt om ekstra tilskott (tilskott 1) på grunn av store utgifter til eit flyktningbarn - fekk tilskott på ca. 190.000 som det ikkje var budsjettert med.

# Årsoppgjer 2018

## Driftsrekneskapen for Lom kommune

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Regnskap i fjor
<b>Økonomisk oversikt - drift</b>				
<b>Driftsinntekter (Note 15, 16)</b>				
Brukerbetalinger	9 945 604	9 471 000	9 424 000	10 223 271
Andre salgs- og leieinntekter	38 200 831	35 307 476	33 659 476	32 186 065
Overføringer med krav til motytelse	31 555 190	22 820 608	20 264 581	27 407 375
Rammetilskudd	91 422 530	90 782 000	91 085 000	89 492 818
Andre statlige overføringer	12 967 827	10 519 362	10 529 362	16 847 774
Andre overføringer	189 126	100 000	100 000	278 823
Skatt på inntekt og formue	51 538 526	51 772 099	53 413 000	50 569 119
Eiendomsskatt	4 267 756	4 244 000	4 080 000	5 023 320
Andre direkte og indirekte skatter	8 279 912	7 481 901	5 200 000	7 639 494
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>248 367 302</b>	<b>232 498 446</b>	<b>227 755 419</b>	<b>239 668 059</b>
<b>Driftsutgifter (Note 16)</b>				
Lønnsutgifter (Note 2)	135 735 592	131 816 127	130 094 728	133 385 035
Sosiale utgifter (Note 3, 15)	26 094 795	26 815 927	24 535 040	26 940 410
